



VANG KOMMUNE

ÅRSBUDSJETT  
2014

ØKONOMIPLAN  
2014-2017

# FØREORD

Innan utgangen av året skal kommunestyret vedta **årsbudsjett** for komande kalenderår, som ein bindande plan for kommunen sine inntekter og bruken av desse. Årsbudsjettet skal omfatte heile kommunen si verksemd, vera realistisk (fastsett på grunnlag av forventa inntekter og utgifter i budsjettåret), og inndelt i ein driftsdel og ein investeringsdel. Kommunestyret sine prioriteringar, og dei målsetjingar og premisser som årsbudsjettet byggjer på, skal koma tydeleg fram. Kommunestyret vedtek sjølv årsbudsjettet og vesentlege endringar i rammene på grunnlag av innstilling frå formannskapet. (Kommunelova §§ 45-46).

Kvart år skal kommunestyret også vedta ein rullerande **økonomiplan** som skal omfatte minst dei fire neste budsjettår. Økonomiplanen skal omfatte heile kommunen si verksemd, gje ei realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden, og vise dekking for utgifter og oppgåver som er ført opp for kvart einskild år. Kommunestyret vedtek sjølv økonomiplanen og endringar av denne på grunnlag av innstilling frå formannskapet. (Kommunelova § 44).

Årsbudsjett og økonomiplan er samla i eitt felles dokument, der fyrste året i økonomiplanen gjeld som årsbudsjett for 2014.

Driftsdelen er inndelt etter KOSTRA sine **funksjonar** – gruppert i **funksjonsområde**. Funksjonane skal fokusere på kva typar behov dei kommunale tenestene skal dekkje, og kva grupper desse tenestene primært vender seg til, uavhengig av korleis kommunen er organisert.

Investeringsdelen omfattar investeringsprosjekt og andre tiltak som høyrer heime her.

Taldelen – med driftsdel, investeringsoversikt, hovudoversikter mv. – er samla til slutt. I driftsdelen er kvar funksjon inndelt i **artsgrupper**, bygd på KOSTRA sine utgifts- og inntektsartar.

**Formannskapet behandla rådmannen sitt framlegg 7. november;** FS-041/13.

For utbygging ved VBU gjekk formannskapet samrøystes inn for løysing 4 med fleirbruks-hall, jf. omtale under funksjon 222 skulelokale.

**Formannskapet sitt framlegg til årsbudsjett 2014 og økonomiplan 2014-2017 låg ute til alminneleg ettersyn i 14 dagar** frå 12. november, og vart behandla i hovudutvala, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, eldrerådet og arbeidsmiljøutvalet.

**Formannskapet behandla framlegget på nytt 28. november**, og gjekk gjennom innkomne merknader. Fleirtalet i formannskapet gjekk inn for utbygging av Fredheim, jf. omtale under funksjon 221 barnehagelokale.

**Kommunestyret vedtok årsbudsjett og økonomiplan 12. desember.**

Administrativt er løyvingane i årsbudsjettet også fordelt på **ansvar**, og kvar artsgruppe er fordelt på **konto**.

Vang, 2. januar 2014

Vidar Eltun  
ordfører

Reidar Thune  
rådmann

Aslag Lajord  
økonomisjef

# INNHALD

Rammevilkår og budsjettføresetnader.....	4
Funksjonsområde 1: POLITISK STYRING, ADMINISTRASJON OG FELLESFUNKSJONAR.....	7
Funksjonsområde 2: SKULE, BARNEHAGE, VAKSENOPPLÆRING OG FRITIDSTILBOD BARN/UNGE .....	11
Funksjonsområde 3: HELSETENESTER, AKTIVISERING, SERVICETENESTER.....	20
Funksjonsområde 4: SOSIALE TENESTER OG BARNEVERN .....	25
Funksjonsområde 5: HELSE- OG OMSORGSTENESTER, INSTITUSJONSLOKALE OG BUSTADER .....	27
Funksjonsområde 6: ARBEIDSRETTA TILTAK OG ØKONOMISK HJELP .....	33
Funksjonsområde 7: ANDRE TENESTER .....	34
Funksjonsområde 8: FYSISK PLANLEGGING, BUSTADBYGGING, NÆRING .....	35
Funksjonsområde 9: SAMFERDSLE .....	43
Funksjonsområde 10: BRANNVERN .....	44
Funksjonsområde 11: VATN, AVLØP OG RENOVASJON.....	45
Funksjonsområde 12: KULTUR OG MILJØVERN .....	48
Funksjonsområde 13: KYRKJE.....	53
Funksjonsområde 14: SKATT, STATSTILSKOT OG FINANSIERING.....	55
TALDEL:	
Driftsdel.....	57
Bruk av næringsfond til drift .....	70
Investeringsoversikt.....	71
Næringsfond – beholdning og tilbakeføring.....	72
Investeringsprosjekt vedteke tidlegare år, som kommunestyret vedtek å vidareføre til 2014 .....	73
Økonomiske oversikter.....	74
Møtebokutskrift: Årsbudsjett 2014 og økonomiplan 2014-17 .....	79

# Rammevilkår og budsjettføresetnader

## Folketalsutvikling

Tabellen under viser folketalsutviklinga i Vang dei siste ti åra, fordelt på ulike aldersgrupper.

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
0-5 år	102	94	93	89	92	101	103	108	101	95	91
6-15 år	223	229	217	222	209	195	187	181	176	177	175
16-66 år	1 020	1 010	1 029	1 044	1 018	1 025	1 031	1 029	1 038	1 067	1 055
67-79 år	179	176	161	148	153	155	157	165	168	170	175
80-89 år	92	84	94	101	99	87	91	87	90	91	85
90 år og over	20	23	19	20	20	19	14	20	18	17	16
<b>Sum folketal</b>	<b>1 636</b>	<b>1 616</b>	<b>1 613</b>	<b>1 624</b>	<b>1 591</b>	<b>1 582</b>	<b>1 583</b>	<b>1 590</b>	<b>1 591</b>	<b>1 617</b>	<b>1 597</b>
<b>Årleg endring, %</b>		<b>-1,2</b>	<b>-0,2</b>	<b>0,7</b>	<b>-2,0</b>	<b>-0,6</b>	<b>0,1</b>	<b>0,4</b>	<b>0,1</b>	<b>1,6</b>	<b>-1,2</b>
<b>Endring frå 2003, %</b>		<b>-1,2</b>	<b>-1,4</b>	<b>-0,7</b>	<b>-2,8</b>	<b>-3,3</b>	<b>-3,2</b>	<b>-2,8</b>	<b>-2,8</b>	<b>-1,2</b>	<b>-2,4</b>

Dei siste ti åra er folketalet i Vang redusert med 39, og vi er nesten attende på nivået i 2011. Sjølv om folketalet er rimeleg stabilt, er det likevel ein stor nedgang for årskulla i barnehage- og grunnskulealder (0-15 år) i perioden. Talet på innbyggjarar i yrkesaktiv alder (16-66 år) har auka tilsvarande. Innbyggjartalet i dei to eldste aldersgruppene (80 år og eldre) har også gått ned, og er redusert med 1/6 sidan 2006.

Tabellen under viser Statistisk sentralbyrå si framskriving av folkemengda i Vang dei komande 10 åra (alternativet "middels nasjonal vekst" MMMM). For heile landet viser framskrivinga sterk auke i folketalet, og den viktigast grunnen til dette er at det blir lagt til grunn fortsett høg innvandring.

	2013	1014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
0-5 år	93	96	98	97	103	108	108	112	112	114	114
6-15 år	177	175	175	177	184	183	185	190	189	189	193
16-66 år	1 064	1 072	1 070	1 078	1 077	1 080	1 092	1 091	1 102	1 105	1 114
67-79 år	182	194	205	220	234	242	242	243	243	255	253
80-89 år	88	86	84	74	70	67	67	71	71	69	78
90 år og over	18	17	19	21	20	19	20	21	20	21	19
<b>Sum folketal</b>	<b>1 622</b>	<b>1 640</b>	<b>1 651</b>	<b>1 667</b>	<b>1 688</b>	<b>1 699</b>	<b>1 714</b>	<b>1 728</b>	<b>1 737</b>	<b>1 753</b>	<b>1 771</b>
<b>Årleg endring, %</b>		<b>1,1</b>	<b>0,7</b>	<b>1,0</b>	<b>1,3</b>	<b>0,7</b>	<b>0,9</b>	<b>0,8</b>	<b>0,5</b>	<b>0,9</b>	<b>1,0</b>
<b>Endring frå 2013, %</b>		<b>1,1</b>	<b>1,8</b>	<b>2,8</b>	<b>4,1</b>	<b>4,7</b>	<b>5,7</b>	<b>6,5</b>	<b>7,1</b>	<b>8,1</b>	<b>9,2</b>

Ein framskriving er sjølvstøtt usikker, men bør likevel vera eit viktig grunnlag for den kommunale planlegginga – m.a. i høve til framtidige tenestebhov.

I følgje framskrivinga vil folketalet i Vang auke med vel ni prosent i løpet av komande tiår. Talet på innbyggjarar i barnehage- og grunnskulealder (0-15 år) aukar med 14 prosent, men fyrst frå 2017. Talet på yngre pensjonistar aukar med 39 prosent, og gruppa 80 år og over får ein samla nedgang på 8 prosent fram til 2023 (etter ein mellombels nedgang på 19 prosent fram til 2018).

## Statsbudsjettet 2014

Framlegg til statsbudsjett, Prop. 1 S (2013-2014), vart lagt fram 14. oktober. Her la Regjeringa Stoltenberg opp til ein reell vekst i kommunesektoren sine samla inntekter på 6,8 mrd. kr i 2013; ein realvekst på 1,8 pst. 5 mrd. kr av veksten var frie inntekter; ein realvekst på 1,7 pst.

Pris- og lønsveksten i kommunesektoren (deflatoren) var rekna til 3 prosent.

Av veksten i frie inntekter var 180 mill. kroner grunngeve i behovet for ei særskilt styrking av helsestasjons- og skolehelsetenesta og 27 mill. kroner er knytt til utdanning av deltids-brannpersonell. Det var også framlegg om særskilte tiltak for fleire kommunale tenester, m.a.:

- Reell reduksjon i maksimal foreldrebetaling i barnehage
- Opptrapping mot to barnehageopptak i året
- Etablering av valfag for 10. trinn i ungdomsskolen
- Rentekompensasjonsordningane for skole- og svømmeanlegg og for kyrkjer
- Utbygging av det kommunale barnevernet
- Tiltak mot barnefattigdom
- Investeringsstilskot til etablering av heildøgns omsorgsplassar

Veksten i frie inntekter må sjåast i samanheng med kommunesektoren sine meirutgifter knytt til folketalsutviklinga. Det var framlegg om øyremerkte midlar til kommunalt barnevern (nye stillingar), tilskot til forsøk med fleire lærarar i ungdomsskulen, vidare oppbygging av tilbod om akutt hjelp i kommunal regi, og auka tilskot til aktivitetar på dagtid for personar med demens.

I 2014 får Vang kommune 1,2 mill. kr i ordinære skjønnsmidlar fordelt av Fylkesmannen, knytt til ressurskrevjande tenester, etter særskilt søknad. Kommunen har tidlegare søkt om tildeling ut i frå investeringsbehov knytt til vatn og avløp ved Tyinkrysset og inntektssvikt som følgje av reduserte konsesjonskraftgevinstar, utan å ha fått midlar til dette.

For Vang var oppgåvekorrigert vekst i frie inntekter frå 2013 til 2014 rekna til 2,9 mill. kr. Det tilsvara 3,0 pst., mot 3,9 pst. i snitt for kommunane i Oppland og 4,1 pst. for landet.

8. november la Regjeringa Solberg fram ein tilleggsproposisjon – Prop. 1 S Tillegg 1 (2013-2014) med endringar i framlegg til statsbudsjett. Stortinget vedtok endeleg fordeling av rammetilskot 4. desember. For Vang vart rammetilskotet redusert med 157 000 kr i høve til regjeringa Stoltenberg sitt framlegg. Desse endringane – med justert skatteanslag – er innarbeidde i årsbudsjett og økonomiplan.

## Lokale budsjettføresetnader

- 3 prosent generell auke for lønspostar (konto 1010-1089).
- Pensjonspremie: 12,25 prosent for SPK lærarar og 14 prosent KLP.  
Forskrift om rekneskapsføring av pensjon legg til grunn at premiane utjamnast over 10 år.
- Arbeidsgjevaravgift: 6,4 prosent.
- 1,5 pst. generell auke for kjøp av varer, tenester og overføringsutgifter (konto 1100-1490).
- I hovudsak 5 prosent generell auke for salsinntekter (brukarbetaling, kommunale avgifter, gebyr, mv. – konto 1600-1690).

- Større endringar i høve til budsjett for 2013 (ut over punkta ovanfor) går fram av egne oversyn over tiltak under kvart funksjonsområde.
- Skatt på inntekt og formue (31,4 mill. kr + 6 mill. kr naturressursskatt) og rammetilskot (62,5 mill. kr) er sett opp i tråd med KS sin prognosemodell.
- Eigedomsskatt er sett til 6,8 mill. kr, det same som regulert budsjett 2013.
- Konesjonskraftgevinst er budsjettert med 7 mill. kr kvart år, mot 7,2 mill. kr. i regulert budsjett 2013. Fallerstatningar er ført opp med 2,0 mill. kr årleg (det same som tidlegare).
- Renteinntekter for ansvarleg lån til Vang Energiverk: 700 000 kr som tidlegare. Eigarruttak/gevinst på kraftomsetnad frå energiverket: 8 mill. kr i 2014 (det same som i 2013) og 4 mill. kr årleg deretter.
- Konesjonsavgifter: 21 mill. kr årleg.
- Det er lagt til grunn å nytte 10 mill. kr av næringsfond til tiltak som skal først i driftsrekneskapen årleg – jf. eiga oversikt for 2014.
- Frå 2014 skal mva-kompensasjon frå investeringar først fullt ut i investeringsrekneskapen, etter ei gradvis overføring frå drift dei siste fem åra. Dette gjev lægre finansieringsbehov, men reduserer inntektene i driftsrekneskapen tilsvarande.
- I økonomiplanen inngår investeringar for til saman 137 mill. kr (ekskl. mva som blir kompensert) i 2014–2017, herunder 82 mill. kr til utbygging ved VBU (inkl. fleirbrukshall), 33 mill. kr (inkl. overførte midlar frå tidlegare år) til nytt reinseanlegg med leidningsnett ved Tyinkrysset og 19 mill. kr (inkl. overførte midlar frå tidlegare år) til påbygg og opprusting av Fredheim barnehage. Størstedelen av planlagde investeringar kan finansierast med næringsfond, og dette inneber at kommunestyrevedtak om årleg tilbakeføring til næringsfondet på minimum 1,5 mill. kr ikkje blir oppfylt. Det er også lagt til grunn å lånefinansiere 51 mill. kr i 2016.
- For å få driftsbudsjettet i balanse for 2014 har det vore naudsynt å leggje til grunn å behalde eigarruttaket frå Vang Energiverk på 8 mill. kr også i år, og å bruke 8,7 mill. kr av disposisjonsfond. Dermed går ein ut over det ”ordinære” disposisjonsfondet, og må trekkje på avsette midlar som var tenkt brukt til dekking av framtidige premieavvik.
- Vedtekne innsparingstiltak – med nedlegging av Høre skule og reduksjon i talet på sjukeheimplassar som dei to viktigaste – får ikkje full verknad før i 2015-2016. For å ”kompensere” for dette er det lagt til grunn å bruke ytterlegare 1,1 mill. kr i disposisjonsfond i 2015. Dersom rekneskapa for 2013-2015 går i balanse, vil det i så fall berre stå att ca 5,5 mill. kr av disposisjonsfondet totalt. Her burde det vore nesten 8 mill. kr tilgjengeleg for å dekkje oppsamla premieavvik pr. 1.1.2013. Mot slutten av året er det likevel utsikter for mindreforbruk i driftsrekneskapen for 2013, og dette kan styrkje disposisjonsfondet tilsvarande.
- Sjølv med vedtekne innsparingstiltak står ein i utgangspunktet overfor ei underdekking på 8,4 mill. kr årleg etter 2014. Det ligg ikkje føre vedtak om korleis dette ev. skal dekkjast inn, men det er synleggjort gjennom eit redusert nivå for lønsutgifter og for og vare- og tenestekjøp på 4,8 prosent for alle tenesteområde frå 2015. Det ligg ikkje føre haldepunkt for inntektsauke som kan kompensere for dette, og det er eit alvorleg signal om behov for redusert utgiftsnivå også for resten av økonomiplanperioden.

Med desse føresetnadene er økonomiplanen sett opp i balanse alle år i perioden.

# **Funksjonsområde 1: POLITISK STYRING, ADMINISTRASJON OG FELLESFUNKSJONAR**

## **Funksjon 100: POLITISK STYRING**

Godtgjersler til folkevalde, representasjonsutgifter, partistøtte og valavvikling.  
Valdres natur- og kulturpark.

### **Mål og viktige planar**

Ha eit tilpassa politisk apparat som kan ivareta lokaldemokratiet og fatte effektive avgjerder.  
Kommuneplanen er det overordna styringsdokumentet.

### **Budsjettkommentar**

Ordførargodtgjersla aukar med 4,1 prosent, frå 533 000 kr til 575 000 kr (+ 2 000 kr knytt til skattlegging av mobiltelefon). Vang kommune ligg framleis lågt samanlikna med dei aller fleste andre kommunar i fylket. Godtgjersler og utgiftsdekning til andre folkevalde er auka tilsvarende, jf. reglement vedteke i sak KS-068/98.

Tilskot til dei folkevalde gruppene i kommunestyret er ført opp med 40 000 kr (uendra). 10 prosent av denne støtta blir gjeve som ein lik sum for kvar kommunestyregruppe og 90 prosent blir fordelt etter talet på medlemmer i kvar kommunestyregruppe; jf. KS-69/07.

Tilskotet til Valdres Natur- og Kulturpark frå Valdreskommunane er sett til 4,5 mill. kr årleg for perioden 2012 - 2015, der Vang sin del er 392 000 kr.

## **Funksjon 110: KONTROLL OG REVISJON**

Kontrollutval og revisjon.

Valdres- og Hallingdalskommunane har finansiell revisjon og forvaltingsrevisjon i eigen regi gjennom *Kommunerevisjon IKS, Valdres – Hallingdal*. Kommunestyret slutta seg til framlegg om utgiftsfordeling etter medgått tid 19.9.2013 (KS-60/13). Dette vil auke Vang sin del av revisjonsutgiftene med ca. 200 000 kr årleg.

## **Funksjon 120: ADMINISTRASJON**

Rådmannskontoret med kommunekassa, etatssjefane med merkantile medarbeidarar, sentralbord, velferdstiltak, bedriftshelseteneste, overordna HMS-arbeid, frankering, kopiering, felles IKT-løysingar, kontingentar til KS mv. og frikjøp av hovudtillitsvalde.

Valdreskommunane har felles innkjøpskoordinator med Sør-Aurdal som vertskommune og felles skatteinnkrevjing med trekkontrollør med Nord-Aurdal som vertskommune.

### **Langsiktige mål**

- God service til innbyggjarane.
- God ressursutnytting, planlegging og handling i tråd med økonomiske realitetar.
- Overordna administrativ styring, m.a. med løpande utvikling av leiarane.

## Planar og vedtak

- Kommuneplan – overordna mål og retningslinjer (generell del) vedteke i 2003 (KS-47/03). Ajourføring med endeleg behandling vil skje i 2014.
- Rullering av arealdelen 2003 og kommunedelplan for Tyinkrysset 2005. Arealdelen er til revisjon. Behandling (utanom Tyinkryssområdet) bør kunne skje i 2014.
- Administrativ organisering vedteke i 1997 (KS-14/97) og evaluert i 1999 (KS-50/99). Etter dette har det vore enkelte mindre justeringar.
- Reglement for folkevalde organ og om delegering (KS-63/04) med seinare endringar.
- Kommunedelplan for idrett og friluftsliv 2011-2015 (KS-61/10).
- IKT-plan for skule og barnehage i Vang (KS-04/08).
- Organisasjonsstruktur for helse- og sosialetaten og organisasjonsplan for IHT (KS-41/10).
- Kommunal planstrategi (KS-53/12).

## Budsjettkommentar

I administrasjon ligg det her i kommunen til saman 13,1 årsverk fordelt på 17 tilsette (herunder 0,4 årsverk som frikjøp tillitsvalde)

Arbeidet med revisjon av kommuneplanen ligg etter vedteke planprogram, men er no i sluttfasen og kan behandlast i 2014. Framdrifta er likevel noko usikker av di det er varsla fleire motsegner til planframlegget frå stat og fylkeskommune.

Velferdsmidlar er budsjettert med 35 000 kr årleg (uendra frå 2013).

Styringsgruppa for FYSAK har system for å fremje fysisk aktivitet for kommunalt tilsette, med stor deltaking. Det er sett av 30 000 kr til påskjønning/premiering (uendra frå 2013).

## IKT Valdres

IKT-systema blir drifta av IKT Valdres IKS, der kommunane eig 1/6 kvar. Selskapet kjøper sjølv inn nytt utstyr etter behov og fakturerer kommunane etter fastsett kostnadsdeling, der Vang sin del utgjer 11,5 pst. Kommunane har dermed ikkje investeringsutgifter til utstyr, men får alle kostnadene i driftsrekneskapen. IKT er ei stor utfordring med raskt vekslende behov og teknisk utvikling. Etter rutinar for bestilling av programvare og utstyr blir behov og ønske samla opp, og prioritering skjer gjennom vedtak av budsjett. Det er positive erfaringar med desse rutinane. Det er likevel stor etterspørsel etter ny programvare og i det heile eit område med store utfordringar i høve til teknologisk utvikling.

Representantskapet sin strategi for selskapet vart vedteke 1.11.2013. Her er det etablert ei forpliktande semje om eigarstyring, mål, strategiar og rammer for selskapet. Strategien skal sikre at selskapet ivaretek eigarane sine målsetjingar, fastsetje rammene for kommunane si eigarstyring, uttrykkje eigarane sine forventningar, bidra til felles ambisjonsnivå og gjere det enklare for eigarane å vurdere selskapet sine resultat.

IKT Valdres har ei kostnadsramme på 25,1 mill. kr i 2014, der Vang sin del utgjer 2,9 mill. kr – ein auke på 8 pst. frå 2013. 50 pst. av desse kostnadene blir ført på funksjon 120 og resten fordelt på andre funksjonar.

## Systematisk internkontroll

Kommunane skal har ein etablert internkontroll med risikovurdering, planlegging, organisering, opplæring, iverksetting av tiltak, rapportering og evaluering for å sikre at tenestene har tilstrekkeleg kvalitet og oppfyller gjeldande lovkrav.



Internkontroll er arbeidskrevjande. Sidan 2012 har Nord Aurdal, Sør Aurdal og Vang samarbeidd om dette viktige arbeidet med prosjektleiar i engasjementstilling. Øystre Slidre har seinare også slutta seg til samarbeidet. Det har teke lengre tid enn forventa å kjøpe inn eit elektronisk støtteverktøy på området. Innkjøpet er no i sluttfasen og systemet vil bli teke i bruk utover i 2014. Rådmannen finn det heilt nødvendig å prioritere ein stillingsressurs (om muleg innan eksisterande stillingsramme) for å bygge opp lovfesta internkontroll i alle kommunale avdelingar knytt til bruken av det nye systemet.

### **Prioriteringar i planperioden**

- Etablere ein systematisk internkontroll for den samla kommunale verksemda.
- Arbeide vidare med personalutvikling med plansamtalar som viktig middel.
- Utarbeide Folkehelseplan til behandling i 2014 – jf. sak om planstrategi, som grunnlag for ta inn folkehelseperspektivet i all kommunal aktivitet.

### **Funksjon 121: FORVALTING AV BYGG OG EIGEDOM**

Forsikring av kommunale bygg. Etter felles anbudsprosess for Valdreskommunane (siste gong i 2009) er skadeforsikringane samla hjå Valdres Gjensidige Brannkasse.

### **Funksjon 130: ADMINISTRASJONSLOKALE**

Drift og vedlikehald av kommunehuset.

Planlagt oppgradering/opprusting er i all hovudsak gjennomført. Det kan vere ønskeleg å skifte ut dei over 40 år gamle bord og stolar i møtesalane, men dei er likevel ikkje så dårlege at rådmannen finn det aktuelt å gjere framlegg om innkjøp av nytt inventar. Det er også slik at langt frå alle einskildkontor er pussa opp. Rådmannen meiner likevel at dette kan takast over tid gjennom den felles vedlikehaldsposten eller eigen vedlikehaldspost på kommunehuset.

Det er behov for å vidareføre opprustingsarbeidet spesielt med tanke på energiøkonomisering og inneklima. (Det er litt høge verdiar for radon). Slike endringar kan bli omfattande, og rådmannen finn ikkje at tida er inne for å gje tiltaket prioritet.

### **Funksjon 180: FELLESUTGIFTER**

Eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, og sivilforsvaret/fredsinnssatser (FIG). Ansvar for overformynderiet/verjemålforvaltinga vart overført til fylkesmannen frå 1.7.2013.

Sekretærfunksjon for eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne blir utført innan den ordinære stillingsramma for rådmannskontoret.

FIG Valdres har beredskapdepot i Nord-Aurdal og mannskap for dei seks kommunane, der Vang dekkjer sin del av husleiga.

## **Funksjon 190: INTERNE SERVICEININGAR**

Denne funksjonen kan nyttast for føring av utgifter og inntekter gjennom året som gjeld fleire funksjonar. Ved årsavslutninga skal utgiftene og inntektene fordelast, slik at sluttsummene for denne funksjonen blir 0. I budsjettet blir denne funksjonen nytta for lager i Synshagen.

I det nye lageret er det ynskje om å isolere eit rom og installere portar. Kostnad 185 000 kr.

Det er også ynskje om asfaltering på plassen framfor lageret. Dette er det ikkje funne rom for i budsjettet.

## **SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 1**

### **Tiltak som er med i økonomiplanen – drift**

Ny kostnadsfordeling Kommunerevisjon IKS	200 000 kr årleg
Bortfall leigeinntekt Skatt Øst	-35 000 kr i 2014 og -70 000 kr frå 2015

### **Tiltak som er med i økonomiplanen – investering**

Ferdigstilling lager med isolering og portar	185 000 kr i 2014
--	-------------------

### **Tiltak som ikkje er med i økonomiplanen**

Asfaltering framfor lageret i Synshagen	180 000 kr
Kommunehuset; full renovering (ikkje indeksregulert)	12 mill. kr
Nye bord og stolar til møtesalane	200 000 kr

## **Funksjonsområde 2: SKULE, BARNEHAGE, VAKSENOPPLÆRING OG FRITIDSTILBOD BARN/UNGE**

### **Funksjon 201: Barnehage**

Øye, Fredheim, Åsvang og Ryfoss.

#### **Mål og viktige planar**

- Barnehagane skal legge til rette for ei god utvikling for kvart enkelt barn i eit trygt og stimulerande miljø der leiken står i sentrum.
- Legge til rette for godt samarbeid mellom heim og barnehage.
- Legge til rette for ein god overgang mellom barnehage og skule.
- Utvikle personalet gjennom tiltak for kompetanseheving.
- Legge til rette for full barnehagedekning.

Målsettinga om full barnehagedekning i Vang er oppfylt dei siste åra.

Maksimalpris for barnehage i 2014 blir 2 400 kr pr. måned for ein heiltidsplass.

Ut i frå fødselstala i Vang kommune vil det ikkje bli auke i talet på barn i barnehagane i økonomiplanperioden, men foreldra vil no ha barna i barnehagen tidlegare og med lengre opphaldstid pr. veke enn før.

Vi prøver å oppfylle ønske om barnehageplass fortløpande viss det kan skje utan vesentleg auke i driftsutgiftene. Hovudopptaket blir gjort på våren etter kunngjering i lokalavisa.

### **Funksjon 202: GRUNNSKULE**

VBU 1.-10. klasse, Høre skule 1.- 7. klasse

#### **Mål og viktige planar**

- Sikre eit fagleg godt grunnskuletilbod med god kunnskapsformidling.
- Skulane skal vere ein trygg stad å vere og ein god stad å lære.
- Stimulere til aktivt pedagogisk utviklingsarbeid.
- Utvikle personalet gjennom vedtekne planar for kompetanseheving.
- Legge til rette for gode overgangar barnehage – grunnskule – vidaregåande skule.
- Legge til rette for eit godt samarbeid mellom heim – skule.
- Nytte nærmiljøet og lokalsamfunnet i undervisninga.
- Halde ved like/styrke vektlegging på fysisk aktivitet.

Vang kommune må gjennomføre innsparingstiltak på driftsbudsjettet. Det er bakgrunnen for kommunestyret sitt vedtak 13.12.2012 om framtidig skulestruktur (KS-066/12):

*Frå august 2013 blir alle elevane frå Øye overført til VBU. Nedbemanninga på 2,41 årsverk med verknad frå 1.8.2013 blir så langt som råd gjennomført ved naturleg avgang og avslutning av mellombels tilsetning og vikariat.*

*Kommunestyret vedtek at det seinast frå 1. august 2016 skal vere ein skule lagt til VBU i Vang.*

*Dersom det skal bli aktuelt å samle alle grunnskuleelevane i ei framtidsretta sentralskule ved VBU, må det utgreiast følgjande:*

- a. Kva endringar som trengst ift. dagens bygningsmasse på VBU. Ombygging eventuelt nybygg eller tilbygg. Oppdatert økonomisk overslag. Her må det og takast høgde for ein kalkulert elevvekst.*
- b. Fleirbrukshall skal kalkulerast ift. investering og drift. Renovering, eventuell erstatning for eksisterande samfunnshus må utgreiast.*
- c. Felles garderobe, dusj og toalett i sambruk mellom basseng, samfunnshus og eventuell fleirbrukshall må utgreiast.*
- d. Eit tilfredsstillande utanlegg ift. framtidig skolestørrelse må utgreiast.*

*Dersom dei økonomiske føresetnadene skulle endre seg vesentleg, tek kommunestyret atterhald om å ta opp att vedtaket om samling til ein skule ved budsjettbehandlinga hausten 2013.*

*Drift av samfunnshusa blir i prinsippet som før sjølv om skulane blir lagde ned.*

Med bakgrunn i dette vedtaket oppnemnte kommunestyret ein plan- og byggjekomiteé for utbygging ved Vang barne- og ungdomsskule, med følgjande mandat (KS-008/13):

- a) Greie ut kva endringar som trengst i.f.t. dagens bygningsmasse på VBU, både behovet for ombygging, eventuelle tilbygg og nybygg. Utgreiinga må ha med oppdaterte økonomiske overslag. Det må takast høgde for ein kalkulert elevvekst.*
- b) Fleirbrukshall skal kalkulerast i.f.t. investering og drift og må bygge på ei kartlegging/ behovsvurdering*
- c) Renovering, ombygging eller erstatning for eksisterande samfunnshus må utgreiast.*
- d) Felles garderobe, dusj og toalett i sambruk mellom basseng, samfunnshus og eventuell fleirbrukshall må utgreiast.*
- e) Eit tilfredsstillande uteanlegg i.f.t. framtidig skolestørrelse må utgreiast.*
- f) Behovet for lokaler til kulturskulen og det frivillige musikklivet må utgreiast.*
- g) Komiteen må ta utgangspunkt i skisserte løysingar i skulestruktursaka. Ønska tiltak/løysingar ut over dette beskrivast og kalkulerast som moglege tillegg.*
- h) Utgreiing av terapibasseng*

Sjå meir om dette under funksjon 222 skulelokale.

### **Personalsituasjonen og nye satsingsområde**

Vi har 35 lærarar i skulane i Vang. Av desse er 1 utan godkjent utdanning, 2 lærarar, 13 adjunktar, 12 adjunktar med opprykk og 5 lektorar. Av desse er det 2 rektorar, 1 inspektør og 1 rådgjevar. Elles har vi 10 assistentar (7 av desse har fagbrev), 3 vaktmeistarar, 8 reinhaldarar og 1 sekretær.

12 av lærarane er seniorar og får frå 55 år 5,8 pst. reduksjon i undervisningstid og frå 60 år 12,5 pst. reduksjon (sentral avtale). I tillegg er det ei kommunal ordning frå fylte 62 år som gjev 10 pst. redusert arbeidstid. Denne ordninga gjeld alle tilsette.

Seniortiltaka utgjer til saman 91,5 pst. stilling for lærarar, 10 pst. for assistentar og 6,9 pst. for reinhaldarar.

Ekstramidlar til å oppfylle desse avtalene er lagt inn i budsjettet, og utgjer 108 pst. stilling.

Kunnskapsdepartementet har sett i gang tiltaket ungdomstrinn i utvikling også kalla "gnist".

Valdreskommunane er med i fyrste pulje i denne satsinga som m.a. har som mål å redusere fråfallet i vidaregåande skule. Vang kommune har det minste fråfallet av Valdreskommunane og nest minst i Oppland. Berre Lom har mindre fråfall enn Vang. Det blir arbeidd godt med kjernefaga i ungdomsskulen og for å hindre fråfall er det spesielt viktig å løfte dei svakaste elevane. Vidare arbeid med ”gnist” og utviding av valfag i ungdomsskulen skal me få til innafør tildelt rammetimetal.

## **Funksjon 211: STYRKA BARNEHAGETILBOD**

Barnehagen sin del av utgiftene til pedagogisk psykologisk teneste for Valdres og spesiell tilrettelegging for dei fleirkulturelle våre barnehagar.

### **Mål og viktige planar**

- Setje i gang og følgje opp tiltak for barn som treng det for å førebyggje seinare vanskar. Det er viktig med tidleg innsats og i samarbeid med m.a. PPT legg me til rette for gjennomføring og oppfølging av nødvendige tiltak for dei som treng det.

## **Funksjon 213: VAKSENOPLÆRING**

Opplæring for innvandrarak, grunnskuleopplæring, spesialundervisning for vaksne, vaksenopplæring etter opplæringslova, drift av lokale og skyssutgifter til vaksenopplæring.

### **Mål og viktige planar**

- Hjelpen den einkilde til eit meir meningsfylt liv.

Talet på vaksne som får spesialundervisning held seg stabilt.

Undervisning av busette flyktningar og av vaksne asylsøkjarak på Vang mottakssenter har dei siste åra vore organisert av introduksjonssenteret for Vang og Vestre Slidre (IVV) med Vestre Slidre som vertskommune. Frå 1.1.2014 blir IVV oppløyst og organisering av denne undervisninga blir flytta frå Vestre Slidre til Vang kommune og lagt til skule- og kulturetaten.

Utgiftene vil variere frå år til år med talet på dei som har rett på undervisning, men dei vil balansere med øyremerkte statlege tilskot.

## **Funksjon 215: SKULEFRITIDSTILBOD**

Skulefritidstilbod for småskulebarn ved alle skulane.

### **Mål og viktige planar**

- Barn frå 1. til 4. klasse som ønskjer det skal få eit godt tilrettelagt aktivitetstilbod før og/eller etter skuletid og i inntil 4 veker av skulen sine feriar. Dette tilbodet skal dei fortrinnsvis få ved den skulen dei går på.

I økonomiplanperioden er det lagt inn SFO-tilbod på same nivå som no om morgonen og etter skuletid på VBU og i Høre.

I gjeldande vedtekter er minstetalet for SFO-tilbod fire barn, både for å gje eit godt sosialt tilbod, og for å dekkje noko av utgiftene gjennom brukarbetaling.

## Funksjon 221: BARNEHAGELOKALE OG SKYSS

19. september 2013 gjorde kommunestyret følgjande vedtak om utbygging av Fredheim barnehage (KS-061/13):

*Borna i Fredheim krins skal ha eit tilfredsstillande og godt barnehagetilbod og i framtida uansett løysing.*

*Vang kommunestyre utset bygging av ny barnehage på Fredheim til følgjande er avklara:*

- 1. Det må vurderast alternativ løysingar for borna i Fredheim krets som t.d. gardsbarnehage.*
- 2. Alternative transportløysingar frå Fredheim krets til andre barnehagar i kommuna må utgreiast*
- 3. Investeringsutgifter på Åsvang alt. Øye med ungar frå Fredheim krets må synleggjerast.*
- 4. Synleggjera evt. reduserte driftsutgifter ved ikkje å ha barnehage i Fredheim krins der borna blir overført til andre barnehagar i kommuna*
- 5. Investering i ny barnehage på Fredheim må sjåast i samanheng med planane på VBU slik at kommunestyret har full oversikt over alle investeringsbehov før ein tek ei avgjerd.*

Med bakgrunn i dette vedtaket er følgjande utgreidd:

### 1. Gardsbarnehage i Fredheim krins

Til saman i krinsane Fredheim, Åsvang og Øye er det 47 barn i barnehagealder frå 1.8.2014. Alle desse kan "med god margin" få plass i dei eksisterande barnehagane på Åsvang og i Øye.

Vang kommune treng ikkje å godkjenne eller støtte opp om drift av eit privat barnehagetilbod som t.d. ein gardsbarnehage når det er nok plassar i eksisterande kommunale barnehagar.

Ein barnehage til, anten den er kommunal eller privat, betyr meirutgifter for kommunen.

Eit privat barnehagetilbod må ha kommunal godkjenning for å kunne starte opp.

### 2. Transportløysing frå Fredheim krins til Åsvang- og Øye barnehage

For mange familiar i Vang har normalsituasjonen i alle år vore at ein må ut i bil og kjøre både 10 min. og meir for å levere og hente i barnehage. Køyretida mellom Vang sentrum og Åsvang er ca. 15 min. og Vang sentrum og Øye ca. 10 min. Det er derfor vanskeleg å forsvare ei kommunal barnehageskyssordning som ev. skulle gjelde berre for Fredheim krins. Det ville også bli vanskeleg å organisere reint praktisk. Eit barn under tre år ville nok ønske å ha med seg mamma eller pappa på turen. Ein kan også sjå for seg problem med organisering av stadar for på- og avstiging og det praktiske med bagasje, vogner og div. anna utstyr.

"Normalen" i alle 4 barnehagar har vore og er at foreldra sjølve har ansvaret for barnehageskyssen men med eitt unntak: Vang kommune har eit skyssopplegg for barn i barnehagealder som bur på Vang mottakssenter og har barnehageplass på Åsvang. Bilen som blir brukt til denne transporten har plass til 15 passasjerar. Vang mottakssenter fyller 8-9 av plassane og i tillegg er det med ein barnehagetilsett i drosja. Barnehageforeldra elles i Fredheim krins er informert om at dei kan bruke dei resterande plassane, men det er få som brukar tilbodet. Dei fleste foreldra ønskjer å kjøre sine barn til og frå barnehagen sjølve.

Eit skysstilbod med kapasitet til alle barnehagebarna i Fredheim krins vil krevje to bilar med plass til 15 passasjerar i kvar av dei. Månadlege utgifter til ei slik ordning inkl. løn til ein av barnehagepersonalet i kvar bil ville bli min. 60 000 kr.

### **3. Investeringsutgifter ved utvida tilbod i Åsvang- og Øye barnehage**

#### **Åsvang barnehage, ombyggingskostnadar ved å auke kapasiteten frå 18 til 36 barn**

Åsvang barnehage har eit godkjent leike- og opphaldareal på 95 m<sup>2</sup>. I same etasje ligg kafe-teriaen på 76 m<sup>2</sup>. Godkjent leike- og opphaldsareal på eit plan kan derfor enkelt utvidast til 171 m<sup>2</sup>, og dermed gje plass til 36 barn. I tillegg har ein tilgang til samfunnshusgarderobane på same plan. Rom oppover i etasjane kan eventuelt brukast som grupperom i delar av dagen utan at det inngår i godkjent leike og opphaldsareal. Etter synfaring vil ein foreslå følgjande istandsetting for å få til denne utvidinga: Stalleplassen i dagens barnehage er trang og det er ikkje HWC i etasjen, men på dette planet er det to WC for kvinner og to WC for menn. Ein kom til at to av desse kan gjerast om til HWC med stalleplass. Arbeidet som må gjerast for å få til dette er å ta ned spanskveggar, demontere to klosett, to servantar og eit urinal. Montere inn eit HC klosett, ein HC servant og sette inn breiare dør som må slå ut i gang. Både dette rommet og gangsone/trapperom bør målast opp att i lysare farge. Total kostnad inkl. mva. er rekna til 195 000 kr.

#### **Øye barnehage, ombyggingskostnadar ved å auke kapasiteten frå 18 til 28 barn**

Øye barnehage har eit godkjent leike- og opphaldareal på 99 m<sup>2</sup>. Her ligg det godt til rette for utviding av leike- og opphaldsarealet. Dei har ein romsleg garderobeplass som kan gje plass til 28 barn og har teke i bruk eit av romma i skulen (personalrommet på 33 m<sup>2</sup>). Utan bygningsmessige endringar kan Øye godkjennast for 28 barn, og det kan også aukast meir viss det skulle bli nødvendig. I så fall bør garderoben utvidast og uteleikeplassen utbetrast. Åsvang og Øye barnehage er også i den heldige situasjon at dei disponerer gymsal som står ledig alle dagar på dagtid. Åsvang- og Øye barnehage kan derfor med ein istandsettingskostnad på 195 000 kr ta imot 64 barn. 1.8.2014 er det etter dei tala me har no 47 barn til saman som har behov for barnehageplass i krinsane Øye, Fredheim og Åsvang. Med andre ord har med ledig plass til 17 barn.

### **4. Reduserte driftsutgifter ved ikkje å ha barnehage i Fredheim krins**

Viss ein fordelar dei 47 barnehagebarna i dei tre krinsane på tre barnehagar så vil me ha eit bemanningsbehov på ca. 12 stillingar. Om desse barna blir fordelt mellom Åsvang og Øye barnehage vil bemanningsbehovet vere ca 9 stillingar. Dette gje ei innsparing på 1 pedagogstilling og 2 assistentstillingar. Straumutgiftene for ca. 600 m<sup>2</sup> i nye Fredheim barnehage er rekna til ca. 70 000 kWh pr. år. I tillegg kjem innsparinga til reinhald og vaktmeister. Dette vil gje ein samla årleg reduksjon i driftsbudsjettet på min. 1,75 mill. kr

### **5. Utbygging på VBU og Fredheim sett i samanheng med andre investeringsbehov**

Der er eit viktig prinsipp – jf. punkt 5 i vedtaket – å vurdere kvart aktuelt tiltak opp mot andre investeringsbehov. Dette er spesielt viktig når slike saker kjem opp utanom den ordinære budsjettbehandlinga. Når sakene knytt til VBU og Fredheim barnehage no kjem opp som ein del av økonomiplanbehandlinga, har kommunestyret høve til å vurdere samla behov og å gjere nødvendige prioriteringar.

Ved behandling av årsbudsjett og økonomiplan heldt fleirtalet i formannskapet likevel fast på vedtaket om utbygging av Fredheim barnehage i sak K-067/12, med framlegg om ei ekstra løyving til samla sum 18,9 mill. kr (ekskl. mva) med dekning av næringsfondsmidlar. Ved kommunestyrebehandlinga vart det fleirtal for dette.

*Rådmannen sitt framlegg med årleg innsparing i driftsbudsjettet på 1,75 mill. kr til barnehage blir derfor ikkje gjennomført.*

## Funksjon 222: SKULELOKALE

Plan- og byggekomiteen for VBU har vore i arbeid sidan februar 2013 og presenterte si utgreiing for kommunestyret 19.9.2013.

**Løysing 1:** Klasseromsfløya er berre gjort om det som er naudsynt for å ta imot alle elevane, dvs. klasseromma vert i stor grad brukt som dei er i dag men med nokre endringar i inndeling. Biblioteket vert flytt opp på hemsan, tre nye grupperom på hemsan og den får ny trapp og heis. Oppvarming med panelomnar som i dag og same ventilasjonsanlegg som i dag. Administrasjonsavdelinga får tilbygg på 170 m<sup>2</sup> som gjev større personalrom, sju arbeidsplassar til og det vert betre resepsjon. Reinholdarar får litt utvida areal med tørkerom og pauserom. Rehabilitering av eksisterande garderobeanlegg til 3,6 mill. og opprusting av leikeområdet til 1,6 mill. er inkludert i løysinga. Investeringskostnaden for løysing 1 er kalkulert til om lag 18 mill. kr.

**Løysing 2:** Klasseromsfløya er bygd om vesentleg meir for å få betre klasserom og med noko meir kapasitet for å kunne møte større årskull. Biblioteket vert flytt opp på hemsan, tre nye grupperom på hemsan og den får ny trapp og heis, dvs. som på løysing 1. Elles er det dei same endringane i planløysinga og tilbygg på 170 m<sup>2</sup> som i løysing 1. Både ombygd areal og tilbygg får vassbore oppvarming med varmpumpeanlegg som også vert knytt saman med auditoriumsbygget og gymsalen (som har vassbore anlegg med elektrokjel i dag), og nye ventilasjonsanlegg. Ventilasjonsaggregat for tilbygg og varmpumper vert plassert i eige rom på ca. 45m<sup>2</sup> i u.et. tilbygg. Rehabilitering av eksisterande garderobeanlegg til 3,6 mill. og opprusting av leikeområdet til 1,6 mill. er inkludert i løysinga. Investeringskostnaden for løysing 2 er kalkulert til om lag 27,6 mill. kr.

**Løysing 3:** Klasseromsfløya er bygd om som i løysing 2. Administrasjonsavdelinga er bygd om ved at handverksromma er flytt ut i 2 etasjes tilbygg mot nord. Tilbygget er på 227 m<sup>2</sup> i kvart plan. Naturfagrom er flytt lenger mot aust i hesteskoen. Dette gjev 7 arbeidsplassar til, og det vert betre resepsjon. Reinholdarar får større og betre rom i hesteskoen. Helseavdelinga er bygd om til musikkrom og til øvingsrom for kulturskulen. Rom for tannlege og helsesøster er flytt ut i tilbygget mot nord. Både ombygd areal i klasseromsfløy, administrasjon, spesialrom i hesteskoen og tilbygg får vassbore oppvarming med varmpumpeanlegg som òg vert knytt saman med auditoriumsbygget og gymsalen. Ventilasjonsaggregat for tilbygg og varmpumper vert plassert i eige rom på 48 m<sup>2</sup> i u.et. tilbygg. Rehabilitering av eksisterande garderobeanlegg til 3,6 mill. kr og opprusting av leikeområdet til 1,6 mill. kr er inkludert i løysinga. Investeringskostnaden for løysing 3 er kalkulert til om lag 40,6 mill. kr. Auka driftsutgifter for løysing 3 vil bli om lag 200 000 kr pr. år.

**Løysing 4:** Klasseromsfløya er arealdisponert som i løysing 2 og 3, men taket over den delen av hemsan som rommar bibliotek og grupperomma er lyfta, dvs. slik at ein får vindauge i veggane i staden for i takflata, som har eit problem med ising. Romma vert betre bruksmessig av denne endringa. Administrasjonsavdelinga er bygd om nesten som i løysing 3, men det er lagt inn eit møterom til. Reinholdarar får rom som i løysing 3. Helseavdelinga er uendra frå løysinga i dag.

Løysinga har fleirbrukshall lagt inntil dagens samfunnshus på austsida. Tribuneanlegg er vist inn over dagens bygg for å spare grunnareal. Fleirbrukshallen med tribune, lagerrom, terapi-basseng, inngang mot aust mv. har bruttoflate på ca. 1600 m<sup>2</sup>. Underetasjen har areal på ca. 770 m<sup>2</sup> og rommar rom for handverksfaga, teknisk rom, lager mv.

Gymsalen er ombygd til 2 garderobar og samfunnshusrom/musikkrom i 1. et., og musikkrom og øvingsrom for skule og kulturskule i 2.et. Ein får difor nytta gamle gymsalen på ein effektiv måte. I vestibylene i et. er det foreslege å lage treningsrom.



Heile bygningsmassen på VBU får i denne løysinga vassbore oppvarming med varmpumpeanlegg, og alle ventilasjonsaggregat bortsett frå dei 2 siste utbyggingane vert skifta ut og ein får vassborne ettervarmebatteri med energi frå varmpumpeanlegget. Svømmebasseng og terapibasseng vert òg oppvarma av varmpumpeanlegget. Ventilasjonsaggregat for tilbygg og varmpumper vert plassert i eige rom på 160m<sup>2</sup> i u.et. fleirbrukshall. Investeringskostnaden for løysing 4 fråtrekt spelemidlar til 11,4 mill kr er kalkulert til om lag 82,3 mill. kr. Denne summen inkluderer grunnavståing til sjølve hallen og parkeringsplass langs vegen mellom E16 og rundkøyninga ved VBU med 0,7 mill. kr, rehabilitering av eksisterande garderobe-anlegg til 3,6 mill. kr, terapibasseng til om lag 6 mill. kr, opprusting av leikeområdet til 1,6 mill. kr og inventar til 2,2 mill. kr.

Ventilasjonsanlegget for svømmehallen har reservekapasitet til terapibassenget.

VVS-planleggar har rekna ut at energiforbruk til oppvarming av heile VBU, fleirbrukshallen og bassengene med varmpumpeanlegg vil gje nedgang med ca. 100 000 kWh pr. år, dvs. ei innsparing på ca. 90 000 kr ved gjennomsnitt 90 øre pr. kWh i forhold til det forbruk som er i dag. Driftsutgifter til reinhald, forsikring, avgifter, bygningsmessig vedlikehald (fordelt over lang tid), serviceavtaler på tekniske anlegg mv. vil bli om lag 600 000 kr pr. år.

Frå brukarane er det understreka at **garderobekapasiteten** avgrensar aktivitetsnivået, og at det er trong for eit garderobesett til på VBU. Vi har ikkje laga separat forslag for dette, men ein vurderer at det i tilfelle må til eit tilbygg på 180 – 200 m<sup>2</sup>. Ein kan difor rekne med om lag 8 mill. kr til dette. Det er berre løysing 4 som har med eit graderobesett til, dvs. dei andre alternativa må tillegast denne summen dersom ein skal dekkje dette.

Til **inventar og utstyr** som møbler, gardiner, treningsutstyr i fleirbrukshall mv. vil ein tilrå å setje av om lag 2,5 pst. av summane på kvar av alternativa/løysingane.

### Oppsummering og tilråding frå rådmannen

Løysing 4 til 82,3 mill. løysar dei fleste registrerte behova og vil vere mest framtidsretta. Dette er òg samanfallande med tilbagemeldingane frå ulike brukargrupper. Sjølv om utbygginga medfører stor samla investering, vil ho på sikt gje mest for pengane. Ein oppnår meir heilskaplege løysingar ved å byggje ”alt” samstundes og ein spar byggjeareal. Tilbygga i løysning 1, 2 og 3 vil det ikkje vere behov for når fleirbrukshallen ev. vert bygd seinare. Underetasjen i fleirbrukshallen er langt billegare areal enn ”frittliggande” tilbygg. Tilbygga utanfor administrasjonsfløya og hestekoen vil dessutan sperre grøntarealet nedanfor, kome heilt ut i skråninga og ta bort lys og utsikt frå eksisterande bygg. Sidan utearealet elles rundt VBU absolutt ikkje bør byggast ned, er desse tilbygga likevel plassert her. Det er berre løysing 4 som inkluderar fornying av alle ventilasjonsanlegg, vassbore varmeanlegg for heile anlegget og som utløysar 11,4 mill.kr. i spelemidlar. Bygging av fleirbrukshallen på eit seinare tidspunkt vil gje ein meirkostnad på om lag 14 mill. kr. Dette knyter seg i hovudsak til kostnadane med påbygg i løysing 2 og 3 som ikkje er nødvendige i løysing 4.

Det er mange gode argument for løysing 4, men kostnaden er høg både til investering og drift. Med eit så stort prosjekt vil det vera betydeleg risiko knytt kor store summane vil bli etter anbodsinnhenting – og dermed økonomiske mulegheiter til å kunne gjennomføre prosjektet.

Rådmannen gjekk difor inn for løysing 3 med ein investeringskostnad på 40 mill.kr. fordelt på åra 2014 og 2015. Denne summen inkluderer også midlar til inventar.

## **Formannskapet si behandling 7. november 2013**

Formannskapet la stor vekt på å sjå tidlegare vedtak om samling av grunnskulen i Vang og utbygging på VBU i samanheng, og hadde ei omfattande drøfting av funksjonelle og økonomiske skilnader mellom løysing 3 og løysing 4. Sjølv om fleirbrukshallen representerer den største økonomiske skilnaden, er det viktig å synleggjere også andre faktorar:

Investeringskostnad løysing 4:	82,3 mill. kr
- investeringskostnad løysing 3:	40,6 mill. kr
Differanse:	41,7 mill. kr
- garderobesett 2 i eige tilbygg	8,0 mill. kr
- vassbore varmelegg og nye ventilasjonsanlegg i resten av bygningsmassen	7,0 mill. kr
- terapibasseng	6,0 mill. kr
- anslagsvis verdi av eitt ekstra møterom i administrasjonsavdelinga	0,5 mill. kr
- anslagsvis behov for rehabilitering av noverande gymsal i nær framtid (ny parkett, nye glas, oppgradering – men ikkje nytt tak):	1,0 mill. kr
- ekstra inventar og utstyr med løysing 4 i høve til løysing 3	1,2 mill. kr
- verdi av å unngå separat tilbygg på nedsida av administrasjonsfløya (ikkje talfesta)	

**= Netto ekstra kostnader til fleirbrukshall, treningsrom, klatrevegg, grunn-avståing og parkering med føresetnadene som er lagt til grunn ovanfor: 18 mill. kr**

Formannskapet peika også på andre moment:

- Løysing 4 vil gje mest for pengane.
- Omgjering av vedtaket om nedlegging av Høre skule vil antakeleg innebera redusert rammetimetal og dermed dårlegare kvalitet i grunnskulen i Vang.
- Med ein grunnskule i Vang må det arbeidast for ei betre og meir tidseffektiv skyssordning, særleg for sørre del av kommunen.

Formannskapet gjekk samrøystes inn for løysing 4 for utbygginga ved VBU, og kommunestyret slutta seg til dette.

## **Funksjon 223: SKULESKYSS**

Skuleskyssen blir organisert av fylkeskommunen og utgiftene fordelt mellom kommune og fylkeskommune. For symjekøyringa og skuleskyss ved trafikkfarleg veg må kommunen sjølv ta all kostnad. Hovudutval for levkår har gjort vedtak om at alle grunnskuleelevar som brukar E16 som skuleveg *der det ikkje er gang- og sykkelveg* får fri skuleskyss. Elevar ved Høre skule som bur etter strekninga mot Eggeåsen får også fri skuleskyss.

## **Funksjon 231: AKTIVITETSTILBOD BARN OG UNGE**

FRI-NAT, fritidsklubben, ungdomsrådet og tilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar. Det er også midlar til fritidsaktivitetar for barn og unge på funksjonane 370 bibliotek, 373 kino, 377 kunstformidling, 380 idrett og 383 musikk- og kulturskular.

### **Mål og viktige planar**

- Gje barn og ungdom så positive opplevingar med å vekse opp i vår kommune at dei føler at Vang er verd å kome tilbake til.
- Legge til rette for arbeidet i ungdomsrådet og følgje opp tiltak, aktivitetar og arrangement for ungdomsgruppa.

Budsjettet omfattar lønsutgifter til miljøarbeidar i ½ stilling, fjelltur i Jotunheimen med to overnattingar for 9. klasse og elles aktivitetar innafor FRI-NAT i løpet av skuleåret.

Ungdomsrådet fungerer godt. Det blir lagt vekt på at ungdommen sjølv viser initiativ, kjem med framlegg til arrangement/tiltak og er med på gjennomføring.

I 2014 er midlane planlagt brukt til følgjande aktivitetar:

- Jotnerock
- Ungdommens kulturmønstring (UKM)
- Kurs, tiltak og arrangement som det blir teke initiativ til gjennom året
- Drift av ungdomsklubben organisert som ”allaktivitetskveldar” på VBU

## **SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 2**

### **Tiltak som er med i økonomiplanen – drift**

Flytting av flyktingtenesta frå Vestre Slidre til Vang kommune – innsparing: ca. -200 000 kr

Nedlegging av Høre skule - innsparing:

5/12 verknad i 2015: -1 668 000 kr. Full verknad frå 2016; årleg reduksjon: -4,004 mill kr

### **Tiltak som er med i økonomiplanen – investering**

Fredheim barnehage – rehabilitering/nybygg/påbygg: 17,3 mill. kr i 2014  
(18,9 mill. kr inkl. overførte midlar frå 2011–2013)

Ombygging og utbygging av VBU med fleirbrukshall (løysing 4): 82,3 mill. kr i 2015-2016

### **Tiltak som ikkje er med i økonomiplanen – drift**

Reduserte driftsutgifter ved ikkje å ha barnehage i Fredheim krins – innsparing:

5/12 verknad i 2014: -730 000 kr. Full verknad frå 2015; årleg reduksjon: -1,75 mill kr

## **Funksjonsområde 3: HELSETENESTER, AKTIVISERING, SERVICETENESTER**

I følge den nye helselovgivinga som vart innført i 2012, skal kommunen leggje folkehelseperspektivet til grunn i heile verksemda si. Føremålet med lova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse, deriblant utjamning av sosiale helseskilnader. Folkehelsearbeidet skal fremje helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve og bidra til å forebyggje psykisk og somatisk sjukdom, skade og lidning. Det er m.a. krav til skriftleg oversyn over helsetilstanden, meir aktivt forebyggjande arbeid og krav til samhandling mellom kommunen og helseføretaket og ev. med andre kommunar for å løyse ulike oppgåver i helse-tenesta. Kommunen skal delfinansiere bruk av mange spesialisthelsetenester.

### **Funksjon 232: HELSESTASJON OG SKULEHELSETENESTE**

Helsestasjon, skulehelseteneste, interkommunal jordmorteneste, svangerskapskontroll og barselomsorg.

#### **Mål og viktige planar**

- Målretta sjukdomsførebyggjande arbeid, spesielt relatert til livsstil, m.a. rusmisbruk
- Oppretthalde fokus på godt fysisk og psykososialt oppvekstmiljø for barn og unge
- Spesiell merksemd på unge med psykososiale vanskar

Her inngår 1,5 helsesystemstilling, 0,8 sjukepleiar på asylmottaket og tilskot til interkommunal jordmorteneste og helserådgjevar ved Valdres vidaregåande skule.

### **Funksjon 233: ANNA FØREBYGGJANDE HELSEARBEID**

Oversyn og planlegging etter folkehelselova, miljøretta helsevern, helsestasjon for innvandrarak og frisklivssentral.

Her inngår 0,2 legestilling, 0,2 FYSAK-koordinator og 0,2 kontorstilling ved helseavdelinga.

#### **Mål og viktige planar**

- Merksemd på folkehelseaspektet ved all kommunal aktivitet
- Auke interessa for livsstil i befolkninga, spesielt fysisk aktivitet
- Utarbeide plan for folkehelsearbeidet

### **Funksjon 234: AKTIVISERING OG SERVICETENESTER FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA**

Tenester til eldre, personar med nedsett funksjonsevne, psykiske lidningar, utviklingshemming mv.: Eldresenter og dagsenter for heimebuande, aktivitetssenter for personar med utviklingshemming, transporttenester, støttekontakt, matombringning, tryggleiksalarm, ferie-/velferds-tilbod, frisør, fotpleie og frivilligsentral.

		<u>Årsverk (uendra)</u>
Dagsenter Vangsheimen	Omsorgsarbeidar/hjelpepleiar	0,6
	Assistent	0,4
Lund Arbeidsbase/VTA	Sosialpedagog	1,0
	Fagarbeidar	0,5
Dagsenter psykiatri	Sjukepleiar	0,4
	Ergoterapeut	0,2
	Miljøterapeut	0,4

## Mål og viktige planar

- Oppretthalde tilpassa dag-, arbeids- og aktivitetstilbod for menneske med nedsett funksjonsevne grunna alder, fysisk eller psykisk sjukdom. Ivareta livskvalitet, behov for sosial kontakt og aktivitet gjennom førebygging og meningsfylte aktivitetar.
- Aktiv alderdom trass i fysiske og psykiske lidingar gjennom dagsentertilbod.
- Utvikle dagtilbod for personar med demens i tråd med Demensplan 2015.
- Legge til rette for normalisert livssituasjon gjennom arbeids- og aktivitetstilbod.
- Brukarmedverknad gjennom brukarundersøking og samarbeid med eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Utvikle samarbeid mellom dei ulike dag- og aktivitetstilboda for best tilpassa tilbod til brukarane og auka ressursutnytting.

Både dag- og aktivitetssenter på Vangsheimen for heimebuande eldre og dagsenter på Lund for psykiatriske pasientar er oppe to dagar i veka. Her inngår transport av brukarar.

Lund Arbeidsbase har aktivitets- og arbeidstilbod for menneske med behov for tilrettelagt arbeid og/eller nedsett funksjonsevne. Det er tilbod for personar med behov for arbeids-/språkpraksis frå vidaregåande skule eller NAV. Lund har lenge meldt eit sagn om eit enkelt lagerhus til å tørke veden dei sel. Etter ettersyn og tilbakemeldingar ser ein at dette er eit behov, og at ein samstundes får tatt betre vare på det utstyret kommunen har der, ved å få dette innunder tak. Tiltaket kan gjennomførast innan eige budsjett i 2014.

Dagtilbodet ved Vangsheimen er oppe 2 dagar kvar veke. Det er ei viktig teneste for heimebuande eldre i høve til sosialt samvær og meningsfylt aktivitet.

Dagtilbod for personar med demens er ei lovpålagt oppgåve frå 2015. IHT jobbar med utgreiing og planlegging av eit slik tilbod i Vang. Det er ikkje budsjettert ekstra for tiltaket i 2014. Kommunen kan søkje støtte til utvikling av tilbodet.

Hovudutval for levekår har vedteke prinsipp og retningsliner for personalbistand ved ferie-, fritidsreiser og skuleturar: *"Kommunen dekkjer løn og godtgjersle til assistent(ar) ut over dei tenestene brukarane mottek i det daglege, i inntil 7 døgn pr år."* (HL-013/09, punkt 4)

Utgifter knytt til dette vedtaket har variert. I 2013 er det brukt om lag 100 000 kr. Dette er ikkje ei lovpålagt teneste, og det er lagt inn ei innsparing på 120 000 kr i 2014.

## Frivilligsentralen

Vang frivilligsentral vart oppretta 1. januar 2013 og har tilhald i biblioteket. Dagleg leiar er tilsett i heil stilling. Sentralen har oppe for publikum kl. 11–15 måndag, tysdag og onsdag. Med den nye utlånsautomaten i biblioteket kan publikum innanfor sentralen sine opningstider også låne bøker og liknande sjølv om biblioteket ikkje er bemanna.

Frivilligsentralen har eige styre. Hovudutval for levekår er årsmøte, og vedtek handlingsplan, budsjett, årsmelding og rekneskap.

## Mål og hovudmålgrupper

- Vere ein katalysator for frivillig verksemd i Vang
- Vere ein sosial møteplass på tvers av generasjonar og kultur
- Vere ein støttespelar for frivillige lag og aktivitetar i kommunen
- Vere ein synleg og påliteleg aktør for heile bygda
- Samarbeide med mellom anna biblioteket om å gje innbyggjarane i Vang spanande kulturopplevingar
- Hovudmålgruppene:
  - Eldre og hjelpetrengande – tilbod som bidreg til at dei kan bu og trivast heime lenger.
  - Asylsøkjarar – integrering, aktivisering og informasjon.
  - Tilflytta – tilbod som aukar bulyst og trivsel i kommunen.
  - Barn og unge – tilbod som bidreg til at dei føler seg som ein del av eit fellesskap.
  - Dei som av ulike grunnar fell utanfor dei etablerte frivillige aktivitetane – støtte opp om initiativ /vere ein pådrivar for dei som ønskjer å bidra.

## Funksjon 241: DIAGNOSE, BEHANDLING OG RE-/HABILITERING

Allmennmedisin: Legeteneste, interkommunal legevakt, nytt naudnett, fysioterapi, ergoterapi, frisklivsrettleiar, psykiatrisk sjukepleieteneste, formidling av hjelpemiddel og tilskot til Norsk Pasientskadeerstatning. Frå 2014 er også Valdres lokalmedisinske senter teke med her.

### Mål og viktige planar

- Nytt naudnett
- Legevaktteneste på Fagernes utanom kontortid.
- Auke legetenesta på Vangsheimen, i tråd med vedteken plan.
- Revidere plan for habilitering og rehabilitering.
- Bidra til heilskapleg behandlingsskjede for personar med psykiske og andre sjukdommar, i nært samarbeid med sjukehusa og ev. andre kommunar
- Fremje brukarmedverknad
- Ynskje om auka stilling for frisklivsrettleiar, elles oppretthalde noverande tenestenivå

Nytt naudnett for akuttetatane vil truleg gje driftskostnader på same nivå som tidlegare, i tillegg til etableringskostnad av systemet på Fagernes legevaktsentral.

Vang kommune sin del av finansiering av Valdres lokalmedisinske senter og regionalt helseprosjekt er vidareført.

### Stillingar

- Lege 2,7 stillingar (inkl. legeteneste på Vangsheimen, helsestasjon og skulehelseteneste).
- Hjelpepersonell 2 stillingar.  
Elektronisk kommunikasjon inneber ei viss rasjonalisering av tidlegare oppgåver, men dekninga av hjelpepersonell er likevel sårbar, spesielt i feriar.
- Fysioterapeut 1 stilling  
+ driftstilskott tilsvarande 1 årsverk for privatpraktiserande fysioterapeut
- Psykiatrisk sjukepleiar 1,80 stillingar (på årsbasis i 2013).

- Ergoterapeut 0,7 stilling.
- Frisklivsrettleiar 0,2 stilling.  
Føremålet med stillinga er å få enkeltpersonar til å betra livsstilen for å redusere sjukdom og indirekte redusere kostnader til helseteneste. Det er stor trong for utviding av stillinga.

### **Valdres lokalmedisinske senter (VLMS)**

Dette har klåre relasjonar til samhandlingsreforma; St.meld. nr. 47 (2008-2009) som gradvis starta opp frå 2012.

Delprosjekt 1 vart behandla av kommunestyret 16.2.2012 (KS-04/12). I same møtet vedtok kommunestyret bygging av nye lokale i regi av nytt interkommunalt selskap, VLMS-E.

Dei andre delprosjekta 2-5 vart behandla av kommunestyret 20.9.2012 (KS-57/12).

Her vart det i tillegg vedteke ei utviding av delprosjekt 1 med 4 senger for rehabilitering samla for Valdreskommunane.

Nytt VLMS er planlagt ferdigstilt og teke i bruk i 2015. Som det går fram av KS-04/12 om deltaking i VLMS med intermediær- og observasjonssenger, vil det vere vesentleg kostnader knytt til tiltaket. For å planlegge oppstart i 2015, bør leiar for føretaket kome på plass alt i 2014.

Vang sin del av kommunale kostnader på 107 000 kr i 2014: Her er det lagt inn ein auke på 1 stilling som verksemdsleiar frå april 2014. I tillegg blir noverande bemanning vidareført (0,3 årsverk lege og 0,05 årsverk merkantil). Ut over løn er det lagt inn kostnader til PC, kontor, telefon, kontorutgifter og administrasjonskostnader på 5 pst. til vertskommunen (etter avtale mellom kommunane).

Med ordinær drift av VLMS med intermediær- og observasjonssenger er det lagt til grunn at Vang sin 10-prosentdel vil utgjere 1,9 mill. kr frå 2015. Då blir det svært viktig å tilpasse eigen tenesteproduksjon i forhold til dei nye regionale tenestene. Utgiftene til VLMS bør likevel bidra til ein sterk reduksjon i kommunen si medfinansiering av somatiske tenester, jf. funksjon 255. Når ein tek omsyn til dette, er det lagt til grunn at netto årlege meirutgifter med VLMS vil bli ca. 600 000 kr frå 2015.

### **Varmepumpa på Vangstunet**

Varmepumpa har aldri kome skikkeleg i drift. Det har vore store problem med drifta og den har stått i lange periodar. Det siste er at det er oppstått frostskaade på ein kondensator.

Det har vore usemje om ansvarsforholda, og leverandøren er konkurs. Det er reist krav om erstatning i buet, men det var ikkje noko å hente. Det er vidare reist krav om erstatning frå garantist og forsikringsselskap. Garantien er no utbetalt (218 000 kr) men me ventar på det endelege forsikringsoppgjeret. Utbetring/ombygging er det vanskeleg å seie noko sikkert om før ein får vurdert løysing, men det kan bli ein betydeleg kostnad. Arbeidet med dette er i gang.

Så langt går tilrådinga på å bygge ein "brønnpark" på nedsida av Vangstunet. . Dette må vurderast også i høve til bruk av biobrensel.

Finansieringa er avhengig av det endelege forsikringsoppgjeret. Det kan etter tilbakemelding frå forsikringsselskapet dreie seg om ca 850 000 kr. Det er antyda ein kostnad på 4,2 mill. kr. Netto investeringsutgifter vil då kunne bli om lag 3,1 mill. kr.

## SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 3

### Tiltak som er med i økonomiplanen – drift

Drift av VLMS, intermediæravdeling 107 000 kr i 2014  
1 939 000 kr årleg frå 2015

### Tiltak som er med i økonomiplanen – investering

Varmepumpe Vangstunet: Konsulenthjelp: 200 000 kr løyvd i 2012 blir vidareført til 2014.  
Rehabilitering – ombygging: 4,20 mill. kr i 2014  
Forsikringsoppgjær: -0,85 mill. kr i 2014

### Tiltak som ikkje er med i økonomiplanen – drift:

Det er stor trong for **utviding av stillinga for frisklivsrettleiær**. I følge Oppland fylkeskommune burde Vang ha 0,8 stilling for frisklivsrettleiær og folkehelsekoordinator til saman, mot 0,4 som i dag. Når kommunen no bør auke satsinga på førebyggjande arbeid, både på individ- og gruppenivå, bør denne stillingsressursen aukast. Tidleg innsats for aktuelle brukarar er viktig, spesielt for folk i risikosone for å utvikle sjukdom. Det er naudsynt å bruke meir tid til rådgjeving og oppfølging og spesielt med å vere aktivt med i treninga. Gjennom t.d. gruppetrening kan det også bli meir tid til individuell oppfølging. Fokusering på røykeslutt er særskilt aktuelt. Frisklivsrettleiaren sitt arbeid er svært sentralt for å motverke livsstilssjukdomar og dermed på sikt redusere forbruket av sjukehustenester. På sikt kan ein vonleg rekne med at kommunen sine utgifter til sjukehustenester blir redusert ved dette tiltaket.

**Folkehelseplan** er under utarbeiding. Denne planen vil gje grunnlag for ei vurdering av behovet for stillingsressurs som frisklivsrettleiær og folkehelsekoordinator.

Hovudutval for levekår har 18.10.2012 bede administrasjonen vurdere framtidig drift og tenester knytt til **Lund Arbeidsbase**, herunder avtale om VTA plassar, med bakgrunn i behov for betra driftsbalanse. Dette arbeidet er sett i gang hausten 2013, men arbeidet er ikkje kome så langt at det inneber endringar i økonomiplan for 2014-2017.

**Dagtilbod til personar med demens** er under planlegging.



## **Funksjonsområde 4: SOSIALE TENESTER OG BARNEVERN**

### **Funksjon 242: RÅD, RETTLEIING OG SOSIALT FØREBYGGJANDE ARBEID**

Sosialkontortjeneste/NAV, sosialt førebyggjande arbeid (m.a. rusmiddelarbeid og skjenkeløyve/-kontroll), Hønefoss krisesenter (for kvinner og menn), SMISO (støttesenter mot incest og seksuelle overgrep) og SO-mottak (seksuelle overgrep/vald).

NAV Valdres er eit administrativt vertskommunesamarbeid med overføring av mynde til Nord-Aurdal som vertskommune, jf. kommunelova § 28 a, b og e.

Driftsbudsjett og økonomiplan for NAV Valdres blir vedteke av vertskommunen, og stønadsbudsjett og deltakarkommunane sine løyvingar til NAV Valdres blir behandla i den einskilde deltakarkommune. Frå 2013 inngår ungdomsprosjektet med 0,5 årsverk i budsjettet for NAV Valdres.

Rusførebyggjande arbeidsgruppe skal styrke kompetansen og samordne ressursar blant lærarar, helse- og sosialpersonell, politi, kulturarbeidarar, frivillige organisasjonar og andre. Gruppa skal følgje opp arbeidet med å nå dei ruspolitiske måla, og ta initiativ og setje i verk tiltak som følgjer handlingsplan. Førebyggjande arbeid mot barn og unge har høg prioritet. Det er ført opp 20 000 kr til arbeidsgruppa.

### **Funksjon 243: TILBOD TIL PERSONAR MED RUSPROBLEM**

Tiltak for rusmiddelmissbrukarar etter sosialtenestelova kap. 6, m.a. institusjonsopphald, behandlingstiltak for rusmisbrukarar og ettervern.

Hjelp til å koma bort frå misbruk av alkohol og andre rusmiddel gjennom råd, rettleiing og hjelpetiltak. Det skal også gjevast råd, rettleiing og hjelp til familien. Når det er behov for det og klienten ynskjer det, skal sosialtenesta hjelpe til med behandlingssopplegg. Dette kan m.a. omfatte støtteopplegg på arbeidsplass og støttekontakt.

Sosialtenesta og helsesyster har ansvar for at gravide rusmisbrukarar får rett behandling. Også innan psykisk helsevern er dette ei viktig oppgåve.

### **Funksjon 244: BARNEVERN TENESTE**

Drift av felles barnevernsteneste for Vang og Vestre Slidre kommune med Vestre Slidre som vertskommune. Her er fire fagstillingar og 0,4 merkantil stilling, med utgiftsfordeling etter folketal. Sakkunnig bistand/advokat til utgreiing/saksbehandling og tolketenester.

Det blir arbeidd med utgreiing av utvida barnevernsteneste for alle Valdres-kommunane frå 1.1.2015 etter initiativ frå Vestre Slidre. (Dei fire andre kommunane har sitt samarbeid med Nord-Aurdal som vertskommune). Dette vil kome opp som særskilt sak for kommunestyret.

## **Funksjon 251: BARNEVERNTILTAK NÅR BARNET IKKJE ER PLASSERT AV BARNEVERNET**

Utgifter til hjelpetiltak og til plassar i senter for barn og familiar.  
Tiltaksstillingar i barneverntenesta.

Avlastning er som oftast retta mot foreldre som er åleine om omsorga i ein hektisk kvardag. Samfunnet stiller høgare krav til foreldre for oppfølging av born i skule og fritid. Ein ser at borna fort dett ut om dei ikkje får denne oppfølginga. Tiltaka rettar seg og mot ressursvake foreldre der born har behov for tryggleik og oppfølging og er førebyggjande med tanke på å ruste borna for læring på skulen og i kvardagen. Dekning av barnehage og SFO er også førebyggjande tiltak for styrking av sosial og kognitiv utvikling.

Barneverntenesta er inne i familiane med rettleiing i foreldrerolla og oppseding generelt. Familiane står meir åleine enn før då ein hadde besteforeldre og nær familie rundt seg. Det offentlege må delta i ansvaret for born si utvikling. Barneverntenesta har ikkje alltid kapasitet til å følge opp alle familiar, og må difor nokre gonger leige inn rettleiarar på oppdrag.

Leksehjelp er viktig for born og unge som ikkje klarer å hengja med i alle fag på skulen.

## **Funksjon 252: BARNEVERNTILTAK NÅR BARNET ER PLASSERT AV BARNEVERNET**

Tiltak som fosterheim, akutt plasseringar, institusjon og bufellesskap.  
Hjelpetiltak i tillegg til plassering. Tilsynsførar i fosterheim.

## **SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 4**

### **Tiltak som er med i økonomiplanen – drift**

Ungdomsprosjekt NAV Valdres: Vang sin del av 0,5 årsverk	
Rusførebyggjande arbeidsgruppe i Vang:	20 000 kr
Tilskot til drift av Hønefoss krisesenter:	108 000 kr
SMISO:	6 000 kr
SO-mottak:	14 000 kr

# Funksjonsområde 5: HELSE- OG OMSORGSTENESTER, INSTITUSJONSLOKALE OG BUSTADER

## OVERORDNA MÅLSETJINGAR

- Yte naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester av god kvalitet, på rett nivå, tilpassa brukarane sine individuelle behov innanfor vedtekne rammer.
- Tilby differensierte bustad- og institusjonstilbod med god fagleg kvalitet.
- Aktiv alderdom trass i fysiske og psykiske plager.
- Rom for brukarmedverknad og personlege val i den daglege omsorga.
- Tilpasse tenestene til endringar i folkesetnad, økonomiske rammer og politiske vedtak ved å redusere langtids plassar i institusjon og styrke heimetenestene. Desse endringane vil gjelde både funksjon 253 og 254.

## Funksjon 253: HELSE- OG OMSORGSTENESTER I INSTITUSJON

Direkte brukarretta oppgåver i samband med helse- og omsorgstenester i institusjon med langtids- og korttidsopphald, servicefunksjonar (kjøken, vaskeri, aktivitør mv.), medisinske forbruksvarer, tekniske hjelpemiddel, inventar og utstyr, administrasjon/leiing, opphaldsbetaling og betaling for utskrivingsklare sjukehuspasientar.

### Mål og viktige planar

- Tilby langtids-, korttids-, rehabiliterings- og avlastingsopphald med god fagleg kvalitet.
- Redusere talet på langtids plassar frå 26 til 16-18 innan utgangen av 2014.
- Vidareutvikle gode korttids plassar for utgreiing, behandling, rehabilitering, lindrande behandling mv.
- Tilpasse Vang kommune sine tenestetilbod til tenestene i VLMS.
- Implementere sjukeheimslegeordninga jf. KS-108/07.
- Arbeide aktivt for å rekruttere og behalde kvalifisert personale.
- Kompetanseheving gjennom internundervisning, studiegrupper, kurs.
- *Helsefagarbeidar i IHT: Prosjekt kompetanseheving og vikarbank.* Prøveprosjekt.
- Utarbeide ein kommunal plan for kompetanseheving i IHT for å møte framtida sine krav og utfordringar jf. Omsorgsplan 2015; St.meld. nr. 25 (2005-2006).
- Delta i *SamAks-prosjektet*: Samarbeid med Sjukehuset Innlandet om kompetanseheving i høve til pasientar med demens som kommunane no har eit større ansvar for.
- Delta i *SiV – Samhandling i Valdres*. Prosjekt for førebu og implementere rutinar for drift og samhandling knytt til VLMS.
- Oppfølging av *Etisk kompetanseheving i Vang*. Prosjektet har som føremål å auke bevisstgjerjing rundt handling og haldningar gjennom etisk refleksjon, auka kommunikasjonskompetanse og profesjonalt problemhandtering. Vang kommune har fått 25 000 kr i støtte til prosjektet.
- Implementere internkontrollsystem for å sikre kvalitet på tenester gjennom kartlegging av område der det er fare for svikt, og utarbeiding av tiltak og rutinar i høve til dette.
- Kvalitetssikre dokumentasjon, IPLOS- og KOSTRA-rapportering.
- Arbeidsmiljø og HMS, gjennomføring av risikovurdering og handlingsplanar.
- Implementering av *Meldingsløftet* med bruk av elektronisk meldingsutveksling.

Driftsendring IHT er planlagt gjennomført i løpet av 2014. Det er lagt opp til ein reduksjon på langtids plassar frå 26 til 16. Dette inneber ein reduksjon i bemanning på 5 årsverk. Det er planlagt å bruke Sy'garden og Midtgarden til langtidsavdelingar. Uppigarden blir ny korttidsavdeling. Det blir lagt opp til felles turnus for langtidsavdelingane. Planlagt iverksetjing av ny turnus er 1. mai 2014. Dette inneber ei innsparing på om lag 1 million kroner i 2014.

		Årsverk	
<b>Sy'garden inkl. natt</b>	Sjukepleiar/vernepleiar	2,48	
	Helsefagarbeidar/hjelpepleiar	5,64	
	<u>Ufaglærte assistentar</u>	1,19	<b>9,31</b>
<b>Nordigarden Styrka</b>	Sjukepleiar/vernepleiar	1,0	
	Helsefagarbeidar/hjelpepleiar	6,46	
	<u>Ufaglærte assistentar</u>	0,93	<b>8,39</b>
<b>Uppigarden</b>	Sjukepleiar/vernepleiar	2,46	
	Helsefagarbeidar/hjelpepleiar	5,63	<b>7,79</b>
	<b><u>Sum Vangsheimen langtid pleie</u></b>		<b>25,48</b>
	Lærling helsefag	2,0	
	Leiar + rådgjevar	1,5	
	<u>Merkantil</u>	0,5	
	<b><u>Sum Vangsheimen</u></b>		<b>29,49</b>
<b>Reduksjon 6 månader i 2014</b>		<b>-5,0</b>	<b>24,49</b>
<b>Midtgarden</b>	Sjukepleiar/vernepleiar	1,81	
	Helsefagarbeidar/hjelpepleiar	3,51	
	<u>Ufaglærte assistentar</u>	1,09	<b>6,41</b>
	<u>Leiing (felles med heimesjukepl.)</u>	0,5	
	<b><u>Sum Midtgarden</u></b>		<b>6,91</b>
<b>Støttefunksjonar</b>	Kokk	3,0	
	<u>Kjøkenassistent</u>	0,5	
	<b>Sum kjøken</b>		<b>3,5</b>
<b>Sum stillingar Vangsheimen funksjon 253</b>			<b>39,9 (34,9 etter red.)</b>

Barneavlastinga knytt til Base Nord 1,2 årsverk.

Valdreskommunane har fått 435 000 kr i støtte frå Kreftforeningen til ei stilling for **regional kreftkoordinator**. Tildelinga gjeld for 2014 men kan forlengast ut 2015. Kommunane skal dekkje kostnadene til 25 pst. av stillinga, og Vang sin del blir 29 000 kr årleg.

## **Funksjon 254: HELSE- OG OMSORGSTENESTER TIL HEIMEBUANDE**

Praktisk bistand og opplæring, brukarstyrt personleg assistent (BPA), avlasting utanfor institusjon, omsorgsløn, helsetenester i heimen (heimesjukepleie, psykisk helseteneste mv.) og eigendelar for praktisk bistand og opplæring.

### **Mål og viktige planar**

- Naudsynt og forsvarleg helsehjelp skal ytast i heimen så lenge det er mogleg.
- Tilstrekkelege og fleksible heimetenester tilpassa den einskilde sine behov i høve til å oppretthalde høgaste moglege nivå av eigenomsorg lengst mogleg.
- Målretta praktisk bistand og hjelp i heimen til menneske med endra funksjonsnivå grunna fysisk eller psykisk sjukdom.

- Styrking og omstrukturering av heimetenesta med fokus på auka kapasitet, kvalitet, arbeidsmiljø og ressursstyring.
- Aktiv førebygging for å sikre god helse og godt funksjonsnivå.
- Avlastning til pårørende med ansvar for personar med særleg hjelpebehov grunna sjukdom, funksjonshemming, alder eller anna årsak – slik at dei kan ha omsorg for sine næraste i heimen lengst mogleg, og samstundes meiste kvardagen.
- Oppfølging samhandlingsreforma: Gje naudsynt helsehjelp, pleie og omsorg til pasientar som er utskrivingsklare frå sjukehus og har behov for vidare helsehjelp i kommunen.

I budsjettet for 2014 er heimesjukepleia styrka med 3 årsverk med 6 månaders verknad. Dette inneber auka lønsutgifter på ca. 710 000 kr. Styrkinga skal føre til at heimesjukepleia kan gje meir omfattande behandling og pleie i heimen. Auke i tenestetilbodet på natt inngår i denne styrkinga. Konkret bemanningsplan skal føreligge hausten 2013.

Det er lagt inn reduksjon i miljøtenesta på 1 årsverk med 6 månaders verknad. Denne er fordelt på Base Sør og Base Nord med 0,23 og 0,86 årsverk, og inneber ei innsparing på 255 000 kr. Reduksjonen gjeld ikkje direkte brukarretta arbeid. I tillegg blir det jobba for ei betre samordning og utnytting av ressursane i miljøtenesta og mellom miljøtenesta og heimesjukepleia. Det er ikkje gjort endringar i budsjettet for denne prosessen.

Øystre Slidre kommune kjøper tenester av Vang kommune regulert gjennom ei samarbeidsavtale. Avtala medfører ein refusjon på om lag 1 million kroner i 2014. I framlegget til statsbudsjett for 2014 var innslagspunktet for tilskot for ressurskrevjande tenester heva frå 975 000 kr til 1 010 000 kr, og refusjonen redusert frå 80 pst. til 77,5 pst.

		Årsverk	
<b>Heimesjukepleie</b>	Sjukepleiar	3,81	
	<u>Helsefagarbeidar</u>	1,51	
	<b>Sum heimesjukepleie</b>		<b>5,32</b>
	<i>Styrking (1/2 år)</i>		<b>3,0</b>
<b>Heimehjelp</b>	<u>Ufaglært/assistent</u>	3,0	<b>3,0</b>
	Leiing (0,5 leiar + 0,5 rådgjevar)	1,0	
	<u>Merkantil</u>	0,55	<b>1,55</b>
	<b>Sum heimetenesta</b>		<b>9,87 (12,87 styrka)</b>
<i>Miljøtenesta</i>			
<b>Base Sør</b>	Buretteiar	0,4	
	Vernepleiar	1,77	
	Fagarbeidar	3,51	
	<u>Assistent</u>	2,21	
	<b>Sum Base Sør</b>	<b>7,89</b>	
<i>Reduksjon (1/2 år)</i>		<b>0,23</b>	<b>7,66</b>
<b>Base Nord</b> Grindatun	Buretteiar	0,6	
	Vernepleiar	1,0	
	Fagarbeidar	4,04	
	<u>Assistent</u>	1,12	
	<b>Sum Grindatun</b>	<b>6,75</b>	
<i>Reduksjon (1/2 år)</i>		<b>0,6</b>	<b>6,15</b>
Prestgardsstigen	Vernepleiar	0,6	
	<u>Assistent</u>	2,22	
	<b>Sum Prestgardsstigen</b>	<b>2,82</b>	

<i>Reduksjon (1/2 år)</i>	<i>0,26</i>	<i>2,56</i>
<b>Sum Base Nord</b>	<b>9,57</b>	<b>(8,71 red.)</b>
Leiar	1,0	
Merkantil	0,5	
<b>Sum miljøtenesta</b>	<b>18,96</b>	<b>(17,87 red.)</b>

- Ca. 16 støttekontaktar som yter tenester til ein eller fleire brukarar.
- Avlastingstiltak i og utanfor heimen, miljøarbeid/praktisk bistand, omsorgsløn mv.
- BPA; brukarstyrt personleg assistanse.  
Nytt tiltak er budsjettert med netto utgift på 1 590 000 kr.

## **Funksjon 255: MEDFINANSIERING SOMATISKE TENESTER**

Frå 2012 skal kommunane dekkje 20 pst. av kostnadene for medisinske opphald og konsultasjonar i spesialisthelsetenesta for mange sjukdommar. Fylkesmannen opplyser at dette er fullfinansiert ved overføring av midlar frå dei regionale helseføretaka til rammetilskot til kommunane.

Det er eit problem at det ikkje kjem noko grunnlagsmateriale for desse rekningane. Kommunen kan difor korkje kontrollere at rekningane er rette eller sjå korleis medfinansieringa fordelar seg over ulike fagfelt. Det er difor ikkje mogleg å målrette ev. auka kommunal innsats for å redusere denne kostnaden.

Summen for siste halvdel av 2013 er vidareført med 1,98 mill. kr i 2014.

Med VLMS i drift frå 2015 bør denne summen bli mykje mindre, og i økonomiplanen er det ført opp 660 000 kr årleg; 1/3 av summen for 2014.

## **Funksjon 261: INSTITUSJONSLOKALE**

Drift, vedlikehald og investeringar/påkostnader av institusjonar og bustader med pleie og omsorg heile døgeret – herunder reinhald, vaktmeister og brøyting.

### **Mål og viktige planar**

- Tilretteleggje butilbod for eldre og funksjonshemma.
- Utbetring jf. vernerundar for å tilfredsstille formelle krav.

Her førast utgifter til straum, vedlikehald og kommunale avgifter.

	<b>Årsverk</b>
<b>Reinhald</b>	3,05
<i>Reduksjon (1/2 år)</i>	<i>0,5</i>
<b>Vaskeri</b>	1,2
<b>Vaktmeister</b>	1,0
<b>Sum funksjon 261</b>	<b>5,25 (4,75 red.)</b>

Det er behov for vedlikehald av avdelingane på Vangsheimen: Oppussing/utskifting av kjøken i to avdelingar, måling/tapetsering av pasientrom og korridorar, og skifte av golvbelegg i korridorar, stove og pasientrom. Det er og behov for utskifting av noko inventar i

daglegstovene. Det er lagt til grunn å bruke inntil 1 mill. kroner med tilsvarende auke i felles vedlikeholdspost for dette.

Det er lagt inn reduksjon i reinhaldsressursen på Vangsheimen på 0,5 årsverk pga færre pasientplassar. Dette inneber ei innsparing på 88 000 for 6 månader, men utan oppseiing.

Vangsheimen har store utfordringar med vassforsyninga. Det er mykje lekkasjar, ureint vatn, sluk og silar tettast seg, og det blir reparasjonar på maskiner og utstyr. Det vart vedteke at røyr for forbruksvatn/sirkulasjonsleidning og varmtvatn hovudstrekke skulle skiftast frå bereder i teknisk rom til enden ved vaskeri. Det skulle og monterast reinseanlegg. Det er innhenta pris-tilbod på 92 000 kr + kostnader til bygningsmessige arbeid, el-arbeid, prisauke, spikarslag for innfesting og gravearbeid. Dette skulle vore gjort i 2012, men er ikkje ferdigstilt pr. d.d.

I tillegg må ein vurdere utskifting av sirkulasjonsleidning frå bereder til Sy'garden, ev. Midtgarden og Nordigarden pga. hyppige lekkasjar og ureiningar i røyrsystemet. Teknisk etat vil sørge for utgreiing av årsaka til vassproblema og tiltak for å løyse desse. Det er p.t. ikkje klart kva som må gjerast og kor mykje dette vil koste.

## **Funksjon 265: BUSTADER**

Drift, vedlikehald og påkostnader/investeringar av bustader kommunen eig eller leiger; herunder omsorgsbustader, bustader til flyktingar og personalbustader.

Funksjonen omfattar også leigeinntekter og planarbeid (t d bustadsosial handlingsplan).

### **Mål og viktige planar**

- Tilretteleggje butilbod for eldre, funksjonshemma og flyktingar.
- Tydeleggjera ansvar og oppgåver mellom leigetakar og utleigar.
- Sørge for å kunne tilby nye arbeidstakarar tilfredsstillande husvære.
- Arbeide for å gjere flyktingane sjølvstendige på bustadmarknaden i løpet av ansvarsperioden på fem år.

I følgje husleigelova kan husleiga berre aukast i tråd med konsumprisindeksen. Denne auka med 2,8 pst. frå september 2012–september 2013.

Etterkvart som bustadmassen blir eldre og større vil vedlikehaldsbehovet auke. Større vedlikehaldsoppgåver som står for tur er oppussing av "Lysheim" og utvendig måling av Vangsheimen.

For "Lysheim" er vurderinga no at me bør prøve å legge den ut for sal. Grunngevinga for dette er at huset treng store påkostingar, og at plassering inntil campingplass og kort avstand til riksvegen ikkje gjer den særleg godt eigna som kommunal utleigebustad.

## SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 5

### Tiltak som er med i økonomiplanen – drift

Medfinansiering av somatiske tenester 2015-2017 – med VLMS i funksjon	1 981 000 kr i 2014 660 000 kr årleg
Utgifter til utskrivingsklare pasientar	30 000 kr årleg
Leigefinansiering av utstyr Vangsheimen	110 000 kr årleg
To lærlingar i helsefag	505 000 kr årleg
Kjøp av pleie/omsorgstenester frå annan kommune	600 000 kr årleg
Ekstra vedlikehald/oppussing Vangsheimen	1 mill kr i 2014
Reduksjon langtids plassar og styrking av heimetenesta (1/2 år)	-727 000 kr i 2014
Regional kreftkoordinator stilling (kommunal del)	29 000 kr i 2014 og 2015

### Tiltak som er med i økonomiplanen – investering

Utstyr til videokonferanse ( <i>TeleMed prosjektet</i> )	95 000 kr overført frå 2013
Sal av "Lysheim"	-1 mill. kr i 2014

### Tiltak som ikkje er med i økonomiplanen

Utsifting/oppgradering av pasientsignalanlegg Vangsheimen.  
Kommunal kreftsjukepleiar 10 pst. stilling (p.t. vakant).



## **Funksjonsområde 6: ARBEIDSRETTA TILTAK OG ØKONOMISK HJELP**

### **Funksjon 273: ARBEIDSRETTA TILTAK**

Sysselsettingstiltak for arbeidsledige og for yrkes-/utviklingshemma, praksisplassar og tilskot til bedrifter – herunder VTA.

#### **Mål og viktige planar**

- Gje eit tilrettelagt arbeids- og aktivitetstilbod til personar med endra funksjonsnivå.

Lund arbeidsbase har fem VTA-plassar.

### **Funksjon 275: INTRODUKSJONSORDNINGA**

Flyktingetenesta med introduksjonsordninga og busetjing av flyktningar (utanom utgifter til norskopplæring): Integreringstiltak, tilrettelegging og inntekter/utgifter knytt til introduksjonslova. Introduksjonsprogrammet kan vare inntil to år (introduksjonsperioden), med høve for eitt ekstra år. Flyktingetenesta har også medansvar for busette flyktningar i samarbeid med NAV og andre kommunale tenester i fem år (ansvarsperioden).

Utgifter og inntekter knytt til flyktingetenesta blir også ført på funksjon 265 bustader.

Flyktingetenesta for Vang kommune blir frå 1.1.2014 flytta frå Vestre Slidre til Vang og lagt til skule- og kulturetaten.

#### **Mål og viktige planar**

- Kvalifisere flyktningar til aktiv deltaking i yrkes- og samfunnsliv i løpet av introduksjons- og ansvarsperioden i samarbeid med NAV.
- Bidra til busetjing i tråd med politiske vedtak.
- Økonomisk sjølvstende hjå deltakarane etter fullført introduksjonsprogram.

### **Funksjon 276: KVALIFISERINGSORDNINGA**

Kvalifiseringsprogram og kvalifiseringsstønad er heimla i sosialtenestelova: Kvalifiseringsstønaden, og organisering, tilrettelegging, utbetaling, og tiltaks- og oppfølgingskostnader.

Kvalifiseringsprogrammet gjeld for personar i yrkesaktiv alder med vesentleg nedsett arbeids- og inntektsevne og ingen eller svært avgrensa ytingar til livsopphald etter folketrygd- eller arbeidsmarknadslov. Programmet høyrer til NAV Valdres sitt ansvarsområde.

### **Funksjon 281: ØKONOMISK SOSIALHJELP**

Utgifter etter vedtak med heimel i sosialtenestelova §§ 18 og 19. Personell på sosialkontor førast under funksjon 242.

Prinsippet om hjelp til sjølvhjelp vil seia at hjelpa til den einskilde søkjar skal gjevast mål om styrkje vedkommande sine ressursar for å styre sitt eige liv.

Før sosialhjelp blir vurdert skal det undersøkjast om det er mogeleg å skaffe søkjaren arbeid, eller om det finst andre rettar som kan gjerast gjeldande.

Flyktningar som treng sosialhjelp skal vurderast av NAV etter dei reglar som der gjeld.

Det er budsjettert med 1,33 mill. kr for tiltak innan NAV (bidrag og sosiale utlån).

## **Funksjon 283: HJELP TIL EIGEN BUSTAD**

Bustadformidling og Husbanken sine verkemiddel (etableringslån, formidlingslån, bustøtte, tilskot til utbetring av bustad) mv.

## **Funksjonsområde 7: ANDRE TENESTER**

### **Funksjon 285: TENESTER UTANFOR ORDINÆRT KOMMUNALT ANSVARSOMRÅDE**

#### **Lokale for tannklinikken i Ryfoss**

#### **Kommunale tilskot til private vegar**

75 000 kr årleg finansiert av næringsfond til drift.

#### **Karrieresenter i Valdresregionen**

Senteret skal gje tilbod om karriererettleiing, og arbeide for betre gjennomføring av vidaregåande opplæring. Målgruppa omfattar vaksne i og utanfor arbeid, dei som skiftar arbeid og dei med behov for vidareutdanning. Karrieresenteret ynskjer også å vera ein ressurs for utdannings- og yrkesrådgjevarar. Andre i målgruppa er t.d. studentar med behov for karriererettleiing og føretak i omstilling med behov for kompetanseutvikling. Karrieresenteret har eit årleg budsjett på 700 000 kr, der Oppland fylkeskommune dekkjer 2/3. 1/3 er fordelt mellom kommunane etter folketal, der Vang sin del utgjer 21 000 kr.

#### **Stabburshella**

Stabburshella er ein frivillig organisasjon med tilbod til alle dei seks Valdres-kommunane. Tilbodet er ope for alle, med særskilt vekt på å nå menneske med rusproblem, og dei som er påverka av dette: Pårørande, barn og ungdom som lever (eller har levd) nær menneske med rusproblem. Stabburshella har fokus på førebygging, sunne aktivitetar, rehabilitering og nettverksbygging. Drifta byggjer på dugnadsinnsats, tilskot og gåver, og må tilpassast inntektene.

Søknader om støtte til drift vart behandla i kommunestyret 12.12.2013:

Kommunestyret løyvde 20 000 kr for 2014 på vilkår av at dei andre Valdres-kommunane går inn for tilsvarande støtte, og elles 12 000 kr (KS-074/13).

*I årsbudsjett og økonomiplan er det lagt til grunn ei årleg støtte på 12 000 kr.*

# **Funksjonsområde 8: FYSISK PLANLEGGING, BUSTADBYGGING, NÆRING**

## **Funksjon 301: PLANSAKSBEHANDLING**

Utarbeiding, behandling, kontroll og konsekvensutgreiingar av planar etter plan- og bygningslova.

### **Mål og viktige planar**

- Revidere arealdelen av kommuneplanen.
- Utarbeide kommunedelplan for energi og klima.
- Utarbeide reguleringsplan for bustad- og næringsområde i Ryfoss.
- Arbeide med planar og dispensasjonar langs E16 med tilhøyrande miljø- og trafikksikringstiltak.
- Ajourhald av forvaltningsbase for plan.
- Halde pålagde fristar for behandling av private reguleringsplanar.
- Føre digitalt planarkiv med koordinatfesting av alle arealendringar og dispensasjonar. Dette krev tett koordinering mellom saksbehandlar for plan, bygg og oppmåling.

Kartforskrifta til plan- og bygningslova har krav til digitale reguleringsplanar (private framlegg). Mottakskontroll før fyrste gongs behandling må handhevast strengt om ikkje kommunen skal dra på seg arbeid som ligg til tiltakshavar. Tverrfagleg gjennomgang – både teknisk og i høve til føresegner og faktisk innhald før 1. høyring – er vesentleg for rasjonell planbehandling. Endringar etter 1. høyring er kommunen sitt ansvar.

I felles energi- og klimaplan for Hallingdal og Valdres er det skissert tiltak for haldnings- skapande arbeid, energieffektivisering, klimafond o.a.

”Plandialog” legg til rette for større medverknad i planprosessen og gjer at offentlege prosessar, (m.a. høyringsuttale og planbakgrunn) er tilgjengelege på internett. I høyringsrunda kan ein lesa merknader frå andre, og skrive inn merknad til plansaka via dette programmet.

## **Funksjon 302: BYGGJESAKSBEHANDLING OG SEKSJONERING**

- Saksbehandling og kontroll etter plan- og bygningslova (byggjesaksbehandling): Konsekvensutgreiingar, dispensasjonssøknader, oppretting eller endring av eigedom (delingsløyve), ekspropriasjon, ansvarsrett og klagebehandling mv.
- Saksbehandling etter lov om eigarseksjonar.
- Saksbehandling av utsleppsløyve etter forureiningslova.
- Føring av opplysningar i matrikkelen i tilknytning til byggjesaksbehandling og eigarseksjonering.

### **Mål og viktige planar**

- Halde pålagde fristar for saksbehandlingstida i bygge- og delesaker.

- *Byggsøk* er ein nettportal for å handtere byggesøknader elektronisk og er felles for Valdreskommunane. Grunna manglande utstyr/programvare (Acos saksbehandlingsversjon) må søknadane sendast via e-post til kommunen. Det vil bli arbeid for å få denne søknadsprosessen fullt ut elektronisk, slik at søknader ”plasserer” seg automatisk i saksbehandlingssystemet.
- Fylgje opp lokale entreprenørar for krav til dokumentasjon i byggjesøknader mv. Det vart arrangert felles kurs i dei siste endringane i plan- og bygningslova for entreprenørar i Vang våren 2013.
- Etablere rutinar som sikrar at nødvendige dokument for vegrettar, eventuell samanføyning, urådighet, teig med fleire bruksnummer o.a. er avklara før delevedtaket etter plan- og bygningslova blir fatta. Vilkår etter plan- og bygningslova og matrikkellova må koordinerast i delevedtaket.
- Fylgje opp avtalefesta ajourføringsrutinar for bygg i bygningsbasen og tiltak/matrikkel i tiltaksbasen. Oppdatering av kart/matrikkel søkjast integrert med byggjesaksbehandlinga. Krav til registrering av godkjent (kotehøgde) på prosjektert grunnmur skjerpar krav til mottakskontroll av situasjonsplanar/profil.

Byggjeaktiviteten er framleis høg, med ei saksmengd om lag som dei siste åra. Det betyr framleis ein pressa arbeidssituasjon der ein knapt får gjort det nødvendige innan lovpålagde tidsfristar. Kapasiteten innan byggjesaksbehandling må derfor oppretthaldast.

Pålagde tilsynsoppgåver i byggjesaker vil framleis vera vanskeleg å få utført tilfredsstillande. Nettverksgruppa for byggjesaksbehandling arbeider med sak om felles tilsynsfunksjon i Valdres lokalisert saman med felles brannførebyggande avdeling. Saka vil bli lagt fram for rådmennene i Valdres. Dette vil sikre større kompetanse og lik behandling i alle kommunane.

Seksjonering er noko brukt i Vang, både på større leilegheitsbygg, ordinære hytter (særleg i Gudbrandslie) og for dei gamle hotella/turistsverksemdene. Ved påbygg eller nybygg av seksjonerte einingar er det krav om reseksjonering. Det er lågt medvit blant eigarane om at seksjonering inneber etablering av ”evig” sameige – ikkje tomtedeling til eineeige. Det er mykje arbeid med seksjoneringar i høve til gebyr fastsett i lov, særleg knytt til manglar ved søknadane.

## **Funksjon 303: KART OG OPPMÅLING**

- Drift, ajourføring og supplering av grunnkart og temabasar.
- Føring av matrikkelen (nye tomter og endringar/rettingar i eksisterande eigedomsgrenser).
- Oppmålingsforretningar etter matrikkellova.
- Adresseforvaltning og anna saksbehandling etter matrikkellova.

### **Mål og viktige planar**

- Gjennomføre matrikulering innafor tidsfristen på 16 veker frå gyldig delevedtak etter plan- og bygningslova (med tillegg etter vinterforskrifta eller ynskje frå søkjar).
- At sak/arkiv speglar dei milepelar og dokumentasjonskrav (med GPS-berekningar) som fylgjer av matrikkellova. Nødvendig oppgradering av Acos må finansierast og implementerast i regi av IKT Valdres. Det er eit problem at funksjonalitet og integrasjon mellom kartsystem og avgift/faktureringsystem ikkje er optimal.

- Følgje opp felles geodataoppgåver i samarbeid med Statens kartverk Hamar og dei andre kommunane i Valdres, m.a. nykartlegging, rutinebygging og opplæringstiltak.
- Følgje opp avtalefesta ajourføring for kartbasane eigedom og veg, og bidra til gode rutinar også for dei andre karttema Vang har originalansvar for (bygg, tiltak, AR5, planomriss).
- Bidra til at felles kartløyising for Valdres (VGIS) blir vidareutvikla, drifta og utnytta optimalt. Felles GIS-konsulent for Valdres er tilsett, med kontorstad Vang. Gode rutinar som sikrar alle kommunane, både i høve til behov og kostnadsfordeling, blir viktig. Etatsleiarane på sektoren er styringsgruppe.
- Sluttføre vegskilting i samsvar med vedtekne vegnamn. Ha gode rutinar for namning av nye vegar koordinert med høyring av nye arealplanar. Ha gode rutinar for adressetildeling koordinert med nye byggjeløyve, seksjonering o.a.
- Utvida undersøkingsplikt knytt til rettar, hefte, vilkår og ev. pant, gjer matrikuleringsaker meir omfattande og arbeidskrevjande etter matrikkellova enn etter delingslova. Det stiller større dokumentasjonskrav til søkjar og krev koordinert saksbehandling etter plan- og bygningslova og matrikkellova. Viktig også å avklare om ev. rettar eller hefte i ein plan-prosess, så krav om avløyising kan inngå som vilkår/ rekkjefølgjekrav ved nye arealplanar.

I samsvar med felles Geodataplan for Hedmark/Oppland er det sett av 150 000 kr årleg til kartleggingsprosjekt (geovekstprosjekt). Kommunen har no oppdaterte grunnkart pr. 2011, men ajourføringsbehovet er kontinuerleg. 3D blir stadig meir aktuelt, og krev tilsvarande auka dokumentasjonskrav ved føring av nye bygg og tiltak (kotehøgde grunnmur, ev. mønehøgde).

I samsvar med vedteken plan for interkommunalt GIS-samarbeid i Valdres er det ført opp 151 000 kr årleg som Vang sin del. Lisensar og programvare blir eigd og drifta felles, med felles styringsgruppe og faggrupper, teknisk drifta frå IKT Valdres.

Skilting har kome godt i gang og vil bli slutført i 2014.

Nytt GPS-utstyr er teke i bruk og fungerer optimalt. Felles opplæring og bruk av base-stasjonar har vore ein suksess som bidreg til effektivitet og rasjonelle arbeidsflyt.

Bilen som oppmålingsavdelinga (og mange elles) nyttar, tek til å dra på åra (2003 mod) . Vedlikehaldsutgiftene tek til å auke så mykje at ein snart må tenkje på å byte den ut.

## **Funksjon 315: BUSTADBYGGING OG BUMILJØ**

Utbyggingsområde, kostnader til bustadføre mål og fysiske bumiljøtiltak, investeringar.

### **Mål og viktige planar**

- Ledige, attraktive bustadtomter i alle kommunedelane.

Det finst nesten ikkje att ledige tomter i Tyinkrysset. I kommunedelplan er det lagt ut eit nytt område til bustadfelt. Det er sett i gang detaljregulering av dette, men arbeidet er stoppa opp i påvente av masterplanarbeidet og revisjon av kommuneplan.

I Ryfoss er det få ledige tomter i bustadfeltet, og det er ført opp 200 000 kr til reguleringsplan for å utvide tomteområdet med dekning av næringsfond.

Det er også aktuelt å leggje til rette for spreidd bustadbygging ved at kommunen kan kjøpe areal, og det er ført opp 1 mill kr til grunnkjøp i 2014.

## **Funksjon 320: KOMMUNAL NÆRINGSVERKSEMD**

Kommuneskogen.

Vang Energiverk KF.

## **Funksjon 321: KONSESJONSKRAFT, KRAFTRETTAR OG ANNA KRAFT FOR VIDARESAL**

*Dette er ein ny funksjonen frå 2014; har til no vore ein del av funksjon 320.*

Konsesjonskraftinntekter, inntekter frå avtalekraft og heimfallsinntekter.

Kontingent til Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK)

### **Mål og viktige planar**

- I samarbeid med Vang Energiverk KF og JotunKraft AS arbeide for:
  - størst mogleg gevinst på sal av kommunen sine kraftressursar
  - aktiv bruk av kraftressursane med tanke på tilrettelegging for næringsutvikling.

Det er ført opp 2 mill. kr i fallerstatning frå Oppland Energiverk. Desse overslaga er usikre: Delar av inntektene er avhengig av m.a. marknadsutviklinga for elkraft og faktisk produksjon i kraftverka Ylja og Kalvedalen.

Gevinsten på konsesjonskraft er budsjettert med 7,0 mill. kr årleg i 2014-17. Sjølv om dette er ein vesentleg nedgang samanlikna med førre økonomiplanperiode, er det likevel i overkant av tilrådingane frå energiverksjefen. Nedgangen skuldast fallande pris på elektrisk kraft.

Gevinsten kan bli endra som følge av prisutviklinga, prisen ved faktisk overtaking av fysisk kvantum, og/eller endringar i sjølvkosten (prisen kommunen betalar for krafta).

Kostnader med gratiskraft, fastpris og fallerstatningar til grunneigarar blir dekt i Vang Energiverk KF/Jotun Kraft AS sine rekneskap.

Utviklinga i prisen på straum vil påverke grunnlaget for eigaruttak. Med utsikter til fallande straumpris, blir sjølvsgt også tilhøva for eigaruttak dårlegare. Kommunestyret har lagt til grunn eit eigaruttak på 5 mill. kr årleg frå 2014, og dette er avklara med energiverket. For å få budsjetten i 2014 i balanse – i påvente av effektivering av vedtekne sparetiltak frå 2014 og 2015 – har rådmannen måtte halde eigaruttaket på 8 mill. kr også for 2014. For 2015–2017 er eigaruttaket redusert til 4 mill. kr slik at uttaket i gjennomsnitt for 4-årsperioden blir 5 mill. som tidlegare lagt til grunn,

Renter av ansvarleg lån i Vang Energiverk KF inngår i funksjon 870 med 700 000 kr.

Frå 2013 vart det ei vesentleg endring i bruken av kommunen sin kraftportefølje:

Det er klarlagt med skattestyremaktene at kommunen kan ta ut disponibel kraft (i tillegg til konsesjonskraft) til bruk i egne bygg til sjølvkost utan at dette gjev skattepliktig gevinst.

Dette skjer ved kvalitetssikra avtalar frå 1.1.2013. Ut frå forventa forbruk på 4,8 GWh til sjølvkost med tillegg av forvaltningshonorar til Vang Energiverk/Jotun Kraft vil dette gje ei innsparing på 912 000 kr frå 2013. Vang Energiverk/Jotun Kraft vil sjølvsgt få om lag tilsvarende inntektsreduksjon, men vil også få redusert skatt med 255 000 kr. Samla sett inneber dette ei inntektsoverføring frå Vang Energiverk til Vang kommune med gunstig skatteeffekt for energiverket.

## **Funksjon 325: NÆRINGSUTVIKLING**

Utbyggingsområde og utleigelokale for næringsverksemd, næringsstøtte (jf. *retningslinjer for tilskot til næringsutvikling*), konsesjonsavgifter, næringsfond, råd/rettleiing og servicetenester for næringslivet mv.

### **Mål og viktige planar**

- Stimulere til at næringslivet framleis organiserer seg sjølv og tek ansvar for felles oppgåver (t.d. Vang – Tyin og Filefjell Reiseliv og Vang næringsforum).
- Betre utnytting av utmarksressursane i kommunen. Samarbeid mellom reiselivsnæring og grunneigarar.
- Satse sterkare på indirekte næringsutvikling ved
  - samordning av kommunen sine tenester i høve til næringslivet sine behov (saksbehandling, praktisering av lover og reglar, prising av tenester mv).
  - gode rammevilkår for folk sin bu- og kvardagssituasjon/folkehelseperspektivet (barnehage- og skuletilbod, tomt/bustad, fritid mv).
- Størst mogleg grad av måloppnåing i forhold til kommuneplanen innan området næringsutvikling og sysselsetting.

### **Budsjettmerknader**

- Lønnskostnader mv. til arbeid med næringsutvikling tilsvarande 1/1 stilling. Noverande næringsmedarbeidar går av med pensjon i juni 2014. Dette fører til auka bruk av Valdres Næringshage AS og samarbeid med Innovangsjon SA for rådgjeving og oppfølging i nærings saker.
- Det er ikkje gjort framlegg om løyving av midlar til nokon av tilskotsordningane, korkje til lokalt tilskot til næringsutvikling eller til utbygging av småkraftverk. Dette er nærare omtala i saka om tilskot til Innovangsjon SA.
- Konsesjonsavgifter
- Avsetnader til og bruk av næringsfond
- Midlar til næringsutvikling/tiltaksarbeid: 1,62 mill. kr frå 2014:
  - 1 100 000 kr Tilskot til Innovangsjon SA, jf. særskilt sak.
  - 290 000 kr Tilskot til Vang, Tyin og Filefjell Reiseliv/Valdres Destinasjon.
  - 60 000 kr Tilskot til omvising i kyrkjene. Etter eigarskapsandelen bidreg Vang om lag som dei andre destinasjonsselskapa i Valdres.
  - 170 000 kr Tilskot til løypekøyning (auke med 10 000 kr frå 2013)Beløpet er teke noko ned grunna auka press på næringsfondet.

### **Direkte næringsutvikling**

Tiltak knytt direkte til næringslivet gjennom

- økonomiske tilskot
- rettleiing/rådgjeving og kontaktformidling ved bedriftsutvikling og etablering
- stimulere til samarbeid og ideskaping.
- tilbod om nettverksbygging og kompetansebygging i næringslivet.

### **Indirekte næringsutvikling**

- Samordning og tilrettelegging for næringslivet gjennom all verksemd i kommunen.
- Utbygging av infrastruktur.

### **Intern service**

Arbeide aktivt internt i kommunen for å betre servicen overfor næringsliv og innbyggjarar der dette er mogeleg/ynskjeleg og i tråd med kommuneplanen.

### **Informasjon og marknadsføring**

- Aktiv bruk og distribusjon av kommunen sitt informasjonsmateriell, som på ein positiv måte informerer om kommunen sine kvalitetar mv.
- Saman med Valdres Destinasjon og Vang, Tyin og Filefjell Reiseliv (og gjerne fleire samarbeidspartnarar) marknadsføre kommunen ved deltaking på messer, næringsseminar mv.

### **Tilflyttingsprosjekt, bulyst**

Valdres natur- og kulturpark (VNK) skal ha oppfølging av busetjingsprosjekt i Valdres.

VNK fekk statlege *bulystmidlar* i 2011. Prosjektet skal etter planen gå over tre år (2012-2014). Hovudmålet med prosjektet *den raude tråden* er å forankre Valdresidentiteten og verdigrunnlaget i VNK hjå den oppveksande generasjon. Programmet skal gå som ein raud tråd gjennom hele utdanningssystemet også for å bidra til gründarutvikling hjå barn og unge.

VNK legg opp til eit tett samarbeid med Innovangsjon i prosjektet.

### **Innovangsjon SA**

Kommunestyret vedtok 15.12.2011 å tilføre ressursar til Innovangsjon for 2012 og 2013, i staden for midlar til den lokale tilskotsordninga til næringsutvikling (KS-108/11).

I søknad av 15.10.2013 bed Innovangsjon om at ordninga blir vidareført.

Dei ynskjer å halde fram med følgjande hovudmål (uendra frå perioden 2012/13):

1. **1724 i 2020:** Vang skal i innan 2020 ha like mange innbyggjarar som høgda på Grindadn. Dette inneber ein auke på 127 personar frå 1.1.2013.
2. **10 nye arbeidsplassar kvart år:** Kvart år skal 10 nye arbeidsplassar etablerast i Vang.
3. **Levande møteplassar for bedrifter og privatpersonar:**  
Gode møteplassar er viktig for trivsel, samhald og utvikling. Innovangsjon skal jobbe for at bedrifter og einskildpersonar har gode og engasjerande arenaer å møtast på.

Søknaden blir behandla i særskilt sak.

### **Utleige av næringslokale i Vangstunet**

Frå 2013 er det Kontorfellesskapet 1724 SA som leiger arealet på ca 250 m<sup>2</sup> med husleige etter inngått avtale.

### **Tyin-Filefjell, Tyin-Filefjell Utvikling AS**

Etter at Vang kommune sidan 2004 har eigd og hatt ansvar for drift av skiheisane på Filefjell, er eigarskapet til heisane – herunder Tyin-Filefjell utvikling AS – selt.



## Næringsfondet

Kommunen har eit næringsfond med ein samla hovudstol på **91,272** mill. kr, som følgje av statlege vedtak om tilståing av næringsfond i samanheng med vasskraftutbygging og seinare kommunestyrevedtak.

Etter lov om bankavtalar garanterer ikkje staten for bankinnskott over 2 mill. kr i kvart ein-skild tilfelle. For å spreie risikoen noko har næringsfondet tradisjonelt vore delt på innskott i fleire ulike bankar. Næringsfondet har likevel minka sterkt som følgje av satsing på viktig kommunal infrastruktur. Resterande midlar står no att i Vang Sparebank .

Kommunen mottok ca. 19,5 mill. kr i årlege konsesjonsavgifter. Saman med renteinntekter/avkastning skal desse midlane avsetjast til næringsfond og brukast etter standardvedtekter for kommunale næringsfond. Som følgje av lågt rentenivå og låg behaldning er det ikkje budsjettet med tilbakeføring av renteinntekter til næringsfondet. Det er ny 5-års regulering etter konsumprisindeksen frå og med 2014, og det er då lagt inn auke til 21 mill. kr årleg.

Det er lagt opp til å bruke 10 mill. kr av næringsfondet til tiltak som skal først i driftsrekneskapen årleg 2014 jf. eiga oversikt for 2014. I kommunestyresak i 2005 vart *rådmannen pålagt å innarbeide årleg tilbakeføring til fondet på minimum 1,5 mill. kr i sitt framlegg til økonomiplan*. Ved politisk behandling av seinare økonomiplanar og budsjettendringar gjennom året har denne tilbakeføringa i ulik grad vore utsett.

Siste delen av investeringsoversikta viser utviklinga i næringsfondet.

Her går det fram at fondet blir redusert frå knapt 40 mill. kr pr. 1.1.2013 til knapt 21. mill kr ved utgangen av 2017, dersom planlagde investeringar skal finansierast av fondet. Det kan også koma tiltak ut over det som er ført opp i økonomiplanen, m.a. ytterlegare vatn- og avløpsprosjekt.

Låneopptak kan vera ei alternativ finansiering for investeringar, men dette vil belaste framtidig drift ved renter og avdrag.

## Funksjon 329: LANDBRUK

- Saksbehandling etter jordlova, skogbrukslova, konsesjonslova, odelslova, forpaktingslova og andre landbruksrelaterte lover.
- Forvaltning og kontroll av økonomiske verkemiddel i landbruket.
- Landbruk og jordvern i saker etter plan- og bygningslova.
- Saksbehandling og rettleiing knytt til landbruksrelatert miljø- og klimaarbeid.
- Næringsutvikling knytt til investeringar i tradisjonelt landbruk og andre bygdenæringar. Søknader om BU-midlar.
- Utviklings- og tilretteleggingsarbeid for landbruk og landbruksbasert næringsverksemd, herunder skogbruk, økologisk landbruk og andre bygdenæringar.
- Veterinærvakt.

### Mål og viktige planar

- Betre utnytting av utmarksressursane i kommunen. Samarbeid mellom reiselivsnæring og grunneigarar.
- Bidra til å legge tilhøva til rette for å halde oppe og vidareutvikle jord-, skog- og utmarksnæringar med aktuelle tilleggsnæringar.

Her inngår landbrukskontoret, tilskot til landbruksføremål (769 000 kr), tilskot til Valdres Landbruksrådgiving (41 000 kr – i tråd med søknad) og Tomleøygarden pelsdyrareal.

Ein medarbeidar på landbrukskontoret har permisjon i 35 pst. stilling inntil vidare. Denne delen blir ståande ubesett.

Tomleøygarden har grunnlag for tre driftseiningar. Ein er i bruk i dag.

I samarbeid med dei fire beitelaga og faglaga ynskjer kommunen å utarbeide beitebruksplan. Denne skal synleggjera verdien og dokumentere beitebruken, og skape forståing for beitenæringa. Planen skal og vera eit verktøy for å fatte vedtak med langsiktig og føreseieleg planlegging. Planen skal vera ein del av landbruksplan og kommunedelplan med arealdel. For beitenæringa kan planen vera eit verktøy for framtidsretta og rasjonell beitebruk. Vang kommune ser dette som viktig, spesielt i høve til utbygging av hytteområde, rovviltforvaltning og endringar i husdyrhaldet. Planen skal innehalde ein tiltaksdel og ein kartdel (vegetasjon, beitegrunnlag, dyretettleik, installasjonar i beita og driftsvegar/-stigar). Den største kostnaden vil vera med kartdel og konsulenthjelp.

Planarbeidet er kostnadsrekna til 150 000 kr. Søknad om tilskot frå Fylkesmannen våren 2013 vart innvilga med 60 000 kr. Det vert ikkje søkt om kommunale midlar for 2014.

Vang kommune innførte skotpremie på rev, mink, mår, røyskatt og kråkefugl i 2013, og det er budsjettert med 15 000 til skotpremie årleg.

Satsane for utarbeiding av gjødslingsplanar vert uendra.

Behandlingsgebyr for delingssaker som vert behandla berre etter jordlova er fastsett av staten (inntil 2 000 kr). For saker som vert behandla både etter jordlova og plan- og bygningslova er det dei kommunale satsane som skal nyttast.

## **SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 8**

### **Tiltak som er med i økonomiplanen – drift**

Utviding av reguleringsplan for Ryfoss bustadfelt	200 000 kr i 2014
Geovekstprosjekt	150 000 kr årleg
Konsesjonskraftgevinst	7 mill. kr årleg
Fallerstatningar OE	2 mill. kr årleg
Konsesjonsavgifter	21 mill. kr årleg
Eigaruttak Vang Energiverk KF	8 mill. kr i 2014 og 4 mill. kr årleg frå 2015
Tilskot til Innovangsjon	1,1 mill kr årleg

### **Tiltak som er med i økonomiplanen – investering**

Kjøp av grunn til bustadføremål/spreidd bustadbygging	1 mill. kr i 2014
---	-------------------

## Funksjonsområde 9: SAMFERDSLE

### Funksjon 332: KOMMUNALE VEGAR

Drift, vedlikehald, påkostnader og nyanlegg av kommunale vegar, gang- og sykkelvegar, veg- og gatelys, og andre tiltak for miljø og tryggleik for mjuke trafikantar.

#### Mål og viktige planar

- Planmessig opprusting av kommunale vegar.
- Godkjent trafikksikringsplan skal reviderast.

Formannskapet gjorde framlegg om å løyve 200 000 kr til gang-/turveg mellom Ryfoss og Tveit i 2012 (FS-077/11). Det er også uttrykt ynskje om å forlenge denne vegen, i fyrste omgang til Vangsnes (FS-080/11). Arbeidsgruppa for gangveg Ryfoss-Vangsnes har konkludert med at det er for omfattande og kostbart å få til gangveg langs E16. Det blir nå arbeidd med å finne ei enklare løysing opp gangvegen mot Høre, inn Vesleåndalen og ut att på Kvismoen.

Frå Ryfoss vel er det kome ynskje om å få sett opp gatelys frå busshaldeplassen og opp til bustadfeltet, og dei har sagt seg villige til å bidra med dugnadsarbeid. Kostnad 60 000 kr.

Ved behandling av årsbudsjett og økonomiplan i kommunestyret 13.12.2012 vart det opplyst at Vegvesenet har antyda ein kostnad på 6,5-7 mill. kr for **undergang E16 ved Tyinkrysset**. Kommunestyret vedtok at Vang kommune vil forskottere naudsynte midlar til prosjektering (KS-068/12). Fordeling og ev. budsjettering av desse kostnadene vil bli teke opp seinare.

I samband med flaum våren 2013 vart det så store skader på brua ved Thune at det må byggast ny bru. Denne er kostnadsrekna til 1,2 mill.

### Funksjon 335: REKREASJON I TETTSTAD

- Offentlege plassar/torg og toalett
- Grøntanlegg og turvegar i utbygde område

Formannskapet har bede om at det blir lagt til rette for og sett opp benkar langs gang- og sykkelvegen; i fyrste omgang to benkar mellom VBU og Vang sentrum (FS-080/11). Behovet for benkar langs gang- og sykkelvegen vart teke opp at i formannskapet si behandling 7. november 2013 (FS-041/13).

## SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 9

### Tiltak som er med i økonomiplanen – investering

Ny bru ved Thune	1,2 mill. kr i 2014
------------------	---------------------

## Funksjonsområde 10: BRANNVERN

### Funksjon 338: FØREBYGGING AV BRANN/ULYKKER

Feiarvesen og andre tiltak som skal førebyggje brann og andre ulykker.

#### Mål og viktige planar

- Føre vidare ordninga med at feiaren gratis skiftar batteri i røykvarslarane og kontrollerer sløkkjeutstyr.

Feiaren har tilsyn med piper og eldstader. Planen er å gå tilsyn på ca ¼ av anlegga årleg, slik at ein i løpet av 4 år har gjennomført tilsynet. Seinare blir det å fortsette i same syklus.

Det har meldt seg behov for eigen bil til feiaren. Bedriftshelsetenesta rår frå bruk av privat bil til feiing, då sotel set seg i bilinteriøret og fører til eksponering også utanom jobb.

### Funksjon 339: BEREDSKAP MOT BRANN/ULYKKER

Brannvesen og anna beredskap mot brann- og eksplosjonsulykker.

#### Mål og viktige planar

- Oppfylle krava i den vedtekne brannordninga.

Når det nye nødnettet blir innført vil det bli auka driftsutgifter av di kommunane må "leige" sambandsutstyr av staten. Dersom utbygginga går som planlagt kan det bli ei utgift på 200 000 kr til leige av utstyr. I tillegg kan det bli ein del opplæring. Det er bestemt at 110-sentralen blir på Elverum, men ein antek at utgiftene til vaktcentralen ikkje vil auke vesentleg. Dette er m.a. avhengig av kor mykje det må investerast i samband med det nye nødnettet.

For bygging av ny brannstasjon i Tyinkrysset viser ein til tidlegare økonomiplanar. Det kan vera aktuelt å setje av plass i tilknytning til nytt reinseanlegg. Det kan også bli aktuelt heller å bygge ut brannstasjonen i Grindaheim for å få plass til ny tankbil her, då det etter kvart blir nye tunellar både i Øye og Kvam. Me er i dialog med Statens vegvesen om dette.

Etter at brannstasjonen i Ryfoss er rusta opp må ein snart tenkje på å få bytt ut brannbilen der. Takhøgda er no så stor at ein står friare i val av bil.

Vestre Slidre har sagt opp samarbeidsavtala om Ryfoss brannstasjon frå 2014. Dette vil føre til eit inntektsbortfall på 150 000 kr.

## SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 10

#### Tiltak som er med i økonomiplanen – drift

Nødnett – leige av utstyr	200 000 kr i 2014
Samarbeidsavtale om Ryfoss brannstasjon – inntektsbortfall	150 000 kr årleg

#### Tiltak som er med i økonomiplanen – investering

Ny bil til feiaren	350 000 kr i 2014
--------------------	-------------------

#### Tiltak som ikkje er med i økonomiplanen – investering

Ny brannstasjon i Tyinkrysset eller utviding i Grindaheim: Kostnad avhengig av løysing.

# Funksjonsområde 11: VATN, AVLØP OG RENOVASJON

## Funksjon 340: PRODUKSJON AV VATN

Vassinntak, filtrering/reinsing og vassprøver.

Det er utarbeidd rammeplan VA for Tyinkrysset, sist revidert 21.2.2012. Planen er laga med bakgrunn i masterplan og viser korleis dei tekniske utfordringane kan etterkomast. Det er viktig at fokus for meir vasskapasitet på Tyinkrysset blir retta mot gjennomføring av rammeplan for å oppnå ein kostnadseffektiv kapasitetsauke og tilrettelegging for gjennomføring av masterplan. Etappe 2a i rammeplan, nytt vassverk, vil sikre muligheit for 75 nye tilkoplingar i øvre trykksone og full dekning for masterplan i nedre trykksone. Etappe 2b inkluderer høgdebasseng ved Grøvsstølen og vil sikre kontinuerleg vassforsyning i nedre trykksone ved straumbrot. Etappe 2b er nødvendig for etablering av vassforsyning til Synhaug. Etappe 2c vil gje alle abonnentar vatn frå det nye vassverket og kapasiteten er no tilstrekkeleg for å bygge ut alle områder i masterplan.

Prisar frå 2012 eks. mva: Etappe 2a) 16 mill. kr. Etappe 2b) 10 mill. kr. Etappe 2c) 2 mill. kr.

På grunn av manglande vasskapasitet må søknader om tilkopling avvistas. Det bør utarbeidast ein finansieringsplan for vassverket i løpet av 2014 med oppstart 2015 for å unngå at vi mister abonnentar. Ein abonnent bidreg med om lag 9 000 kr pr år.

Vang vassverk har etter omlegging frå lut til vassglas levert låge pH-verdiar. Prøveresultat viser at kvaliteten på brønnane har endra seg og effekten av vassglas har ikkje blitt som tiltenkt. Ved etablering av eit luftetrinn vert det rekna med at pH kan aukast frå ca 6.0 til 8 eller høgare. Vatn med pH på over 8.0 gir mindre skade på koparrøyr. Kostnad: 300 000 kr i 2014.

Ryfoss vassverk og reinseanlegg har behov for etablering av system for driftsovervakning. Dette har vore forsømt, og me ser at ved t.d. vasslekkasje er det ingen tilbakemelding til sentralen som varslar dette. Pris: 475 000 kr i 2014.

## Funksjon 345: DISTRIBUTJON AV VATN

Pumpestasjonar, høgdebasseng, leidningsnett og gebyr for vassforsyning.

Leidningen over Otrøvatnet har avgrensa kapasitet. All utbygging i område Nystuen, og tilknytning av eksisterande fritidsbustader i Varden felta, utløyser behov for auka kapasitet også på denne sida. I staden for å bygge høgdebasseng kan det bli billigare å legge ein ny fjordleidning for å auke kapasiteten. Dette må vurderast nærare.

Rammeplan VA for Tyinkrysset er laga med bakgrunn i masterplan og viser korleis dei tekniske utfordringane kan etterkomast. Det er viktig at denne planen blir lagt til grunn ved framføring av nye VA-anlegg.

For å leggje til rette for næringsutvikling og å skaffe kommunen auka inntekter, er det lagt opp til framføring av vatn- og avløpsanlegg til ymse område for næringsutvikling. I 2003 tok kommunen ansvaret for å skaffe tilstrekkeleg kapasitet på vassforsyning fram til Grindafjellområdet (KS-039/03). Arbeidet med planlegging er starta opp og det er vurdert to alternativ, auka kapasitet frå noverande vassforsyning på Øygaardssanden og forsyning frå Helin. Alternativa er kostnadsrekna til respektive 15 mill. kr og 22 mill. kr. Kor raskt utbygginga må skje er avhengig av utbyggingstakten i hyttefelta og etablering av næring.

Varierende belastningar gjennom vinteren og låge temperaturar fører til at røyr fryser. Sjølv om det blir jobba med å legge varmekabel på fleire strekningar er det ikkje mogleg å sikre seg 100 prosent mot frost i leidningane. Vinteren 2012 vart det lånt og leigd inn ein del utstyr. Det er vanskelig å låne så mykje utstyr framover og kostnaden ved å leige er høg. Slikt utstyr er heller ikkje alltid tilgjengeleg når me treng det. Det er viktig at driftsoperatørane har rett utstyr for raskt å kunne tine leidningar. Ei tinevogn med varmt vatn vil trenge berre ein bil for å opererast og er ei god løysning for å tine frosne vassleidningar. Kostnad: 466 000 kr.

## **Funksjon 350: AVLØPSREINSING**

Reinseanlegg, utløp og handtering av restprodukt (slam og vatn).

### **Mål og viktige planar**

- Drive anlegga etter gjeldande lover og forskrifter, og overhalde krava i utsleppsløyva.

Reinseanlegget ved Tyinkrysset er eit biodamanlegg dimensjonert for 300 personeiningar. Dette fungerer brukbart om sommaren, men ikkje om vinteren når isen legg seg. Med den utbygginga som er sett i gang og stilt til utsikt framover, må kapasiteten utvidast. Det er utarbeidd eit forprosjekt for å finne type anlegg, storleik mv. Kostnaden er rekna til 20 mill kr i 2014. I tillegg kjem det overføringsleidning ned til anlegget, stipulert til 8 mill. kr. Dette er ført opp med 20,3 mill. kr i 2014–2016, i tillegg til tidlegare overførte midlar. Prisar for leidning er innhenta og prisar for reinseanlegg er venta om ikkje lenge. Planlagt oppstart i 2014.

## **Funksjon 353: AVLØPSNETT OG INNSAMLING AV AVLØPSVATN**

Pumpeastasjonar, leidningsnett og avløpsgebyr.

Det er egne satsar for vatn og avløp i Raudalen, for den delen som blir knytt til vatn- og avløpsleidningane i Grønolen i Øystre Slidre. I følgje utbyggingsavtalen skal Øystre Slidre sine satsar leggjast til grunn.

Behovet for ei vaktordning på vass- og kloakkanlegga har vore påpeikt, men det er ikkje funne rom for dette. Ved å få inn ekstra driftsoperatørar som er villig til å rykke ut også på fritida, er behovet for vaktordning mindre. Vi ser likevel utfordringa med å ikkje ha eit fast telefonnummer som abonnentane kan ringe til.

Overføringsleidning frå Tyinkrysset til Fløgstrøndfjorden vil koste 7,7 mill kr.

Det er venta at dette arbeidet vil starte opp i løpet av 2013.

## **Funksjon 354: TØMMING AV SLAMAVSKILJARAR, SEPTIKTANKAR o.l.**

Felles slamplan for Valdres gjev oversikt over rammevilkår i samband med behandling av avløpsslam og moglegheiter for bruk av slam.

## **Funksjon 355: HUSHALDSAVFALL**

Oppsamlingsordningar, innsamling/henting, sortering, attvinning, forbrenning, deponering og renovasjonsgebyr – knytt til sjølvkostområdet for hushaldsavfall.

Vang kommune er tilslutta Valdres Kommunale Renovasjon IKS (VKR).  
Ordninga skal vera sjølvfinansierande, og kommunane står for avgiftsinnkrevjinga.

VKR har som mål å minimalisere avfallsmengdene i Valdres, og å behandle avfallet på ein mest mogleg tenleg og miljøvenleg måte.

VKR har ei ordning for innsamling av landbruksplast, og det er høve til å seie frå om henting. Rutene blir køyrt i sommarhalvåret når så mange har meldt frå at ein reknar med at det er lass i eit område.

Avfallsplanen for Valdres vart revidert 2005/2006.

Ny revisjon av slamplan og avfallsplan starta opp i 2010 og er venta slutført i 2014.

## **SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 11**

### **Tiltak som er med i økonomiplanen – investering**

Rehabilitering Vang vassverk:	300 000 kr i 2014
Nytt reinseanlegg og leidningsnett Tyinkrysset:	20,3 mill. kr i 2014–2015 +12,5 mill kr vidareført frå tidlegare år
Avherdingsanlegg Tyinkrysset:	600 000 kr blir vidareført til 2014
Spylevogn vatn- og avløpsleidningar	466 000 kr i 2014

### **Tiltak som ikkje er med i økonomiplanen – drift**

Vaktordning for vatn- og avløpsanlegg

### **Tiltak som ikkje er med i økonomiplanen – investering**

Framføring av anlegg for vatn og avløp mot Søndrol/Synshagen:	6-7 mill. kr
Framføring av vatn til Grindafjell	15 mill. kr
Vassforsyning Filefjell	28 mill. kr

## Funksjonsområde 12: KULTUR OG MILJØVERN

### Funksjon 360: NATURFORVALTING OG FRILUFTSLIV

Koordinering av miljøvernarbeid, opparbeiding og vedlikehold av turstigar, fisk- og viltforvaltning, biologisk mangfald, Klokkarhaugen og regionale og lokale miljøvernoppgåver. Somme friluftslivstiltak er knytt til idrett og kulturvern, og står oppført under funksjonane 380 og 385.

Kommunen vil i samarbeid med beitelaga og det kommunale fellingslaget arbeida for gode rutinar ved fellingsforsøk av rovvilt.

#### Mål og viktige planar

- Vang kommune har gjennom kommunestyrevedtak slutta seg til Lokal agenda 21. Dette inneber m a. å arbeide for
  - at all aktivitet i lokalsamfunnet skal skje innafor naturen sin bereevne
  - ei berekraftig samfunnsutvikling som sikrar livskvalitet og livsgrunnlag både i dag og for komande generasjonar.

Lokale miljø- og naturvernoppgåver treng tverrsektoriell innsats. Skule- og kultursjefen er koordinator for miljøsaker.

Det kommunale viltfondet som har inntekter frå fellingsavgifter frå felte elg og hjort, dekkjer utgifter til ettersøk etter skada hjortevilt. Herifrå blir det og gjeve tilskot til driftsplanlaget for hjortevilt og til andre vilttiltak.

**Vannområde Valdres:** Vang sin del av årlege kostnader til felles prosjektleiar for vannområda Valdres og Hallingdal 2010-2014 utgjer 25 000 kr (KS-040/10).

**Digital kunnskapsbase for Vang:** Dette prosjektet blir gjennomført i eit samarbeid mellom Vang kommune, Innovangsjon og TurApp. Med bakgrunn i inngått leverandørkontrakt blir 175 000 kr i ubrukte midlar overført til 2014.

**Folkehelse:** Kommunane har ansvar for å tenkje tverrsektorielt på kva som kan bidra til god folkehelse, jf folkehelselova. Kultur og friluftsliv har gjennom mange år vore eit prioritert innsatsområde for Vang kommune og har solid grunnlag for utvikle folkehelse på ein god måte. Dette bør naturleg kome med i Vang sin folkehelseplan som er under utarbeiding.

### Funksjon 370: BIBLIOTEK

#### Mål og viktige planar

Ny lov om folkebibliotek av 21.juni 2013 har følgjande føremål:

*Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.*

*Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.*



## **I samsvar med bibliotekplan for Valdres 2013-2017 skal Vang folkebibliotek:**

- Opparbeide gode lokale samlingar og vere synlege medspelarar i aktuelle lokale nærings- og kulturtiltak
- Formidle ulike kulturelle uttrykk med hovudvekt på litteratur
- Samarbeide med andre kulturaktørar i kommunen
- Samarbeide med skulane
- Samarbeide med karrieresenter, høgskuler og universitet, og gi studentane god tilgang til relevant litteratur
- Tilegne seg og formidle vidare kompetanse innafor sosiale media, elektronisk formidling og teknologiske nyvinningar
- Legge til rette for aktivitetar som fremjar yringsfridom og demokrati
- Vidareutvikle seg som sosial arena
- Vere ein attraktiv merkevare som flest mogleg ønskjer å bruke
- Arbeide for å ha nok kvalifisert personale, formålstenlige lokale og tilbod som dekkjer brukarane behov

## **Særskilde mål for biblioteket i 2014:**

- Registrere bileta i Vang historiske biletsamling. Det er no skanna 3900 historiske foto. Jf. *Digital kunnskapsbase for Vang* under funksjon 360. Det er stor interesse for lokal-historisk kunnskap, noko som også er viktig i samband med vidare utvikling av natur- og kulturbasert reiseliv
- Saman med barnehagane og skulane styrke leselyst og lesedugleik til dei som veks opp i Vang.
- Gjere assistentstillinga om til ½ stilling som barne- og ungdomsbibliotekar
- Gjere ferdig og drifte felles heimeside for Valdresbiblioteka i samarbeid med dei andre Valdreskommunane.
- Bidra i arbeidet med å fremje lokal bulyst og trivsel
- Betre studietilhøva for dei som ynskjer vidareutdanning.
- Gje kommunen sine innbyggjarar gode litteraturopplevingar gjennom forfattarbesøk og andre arrangement.
- Gje innbyggjarane i Vang spanande kunst- og kulturopplevingar
- Utvikle samarbeide og samlokaliseringa med Frivilligsentralen

## **Funksjon 373: KINO**

### **Mål og viktige planar**

- Å gje innbyggjarane i Vang eit kinotilbod med best mogleg kvalitet.

Ei ny dugnadsgruppe har no fått i gang att eit kinotilbod i kommunen. Det skjer i samarbeid med Bygdekinoen og er lagt til auditoriet på VBU. Framsyningane er godt besøkt og dei gode lokale hjelperane skal ha ros for innsatsen.

I tillegg kan me framleis vise filmar i gamalt format med utstyret på Åsvang.

## **Funksjon 375: MUSEUM, SAMLINGAR, KULTURVERN**

Tilskot til museum og samlingar, kulturvernarbeid, lokalhistoriske publikasjonar, bygdebøker og stadnamn.

Saman med dei andre Valdreskommunane betaler Vang kommune årleg driftstilskot til Valdresmusea. Elles er mykje av det lokale kulturvernarbeidet omtala under funksjon 385.

## **Funksjon 377: KUNSTFORMIDLING**

Tilskot til kunstnarleg verksemd på profesjonelt nivå, og formidling av slik verksemd: Scenekunst, song/musikk, biletkunst, kunsthandverk, film, kunstmuseum/-galleri, kulturbasert næring mv. Her inngår tilskot til konsertar, utstillingar og andre arrangement som kjem inn under opplistinga ovafor.

### **Mål og viktige planar**

- Ta initiativ til og støtte opp om kulturarrangement som kan gje innbyggjarane i Vang konsert-, teater- og kunsttilbod ut over det me kan skape med eigne krefter.

Det er viktig med tilskotsordningar som stimulerer til aktivitet. Kulturtilbod er ein viktig trivselsfaktor, og for små kommunar er det ei utfordring å dekkje mangfaldet av kulturelle opplevingar. Kulturaktivitetar er eit viktig "bindemiddel" i lokalsamfunnet, og blir lagt vekt på ved val av buplass. Tilskot til enkeltarrangement utløyser ofte stor frivillig innsats.

## **Funksjon 380: IDRETT**

Idrettsaktivitetar i kommunal regi, drift av offentleg bading, tilskot til idrettslag og til anlegg for idrett og friluftsliv.

Det overordna målet med kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2011-2015 er å bidra til auka fysisk aktivitet for alle i kommunen, m.a. gjennom god tilrettelegging for "lågterskelaktivitetar" og eigenorganisert fysisk aktivitet.

Dei tiltaka som står for tur er vidare utbygging av nærmiljøanlegg ved VBU, og tilrettelagd turveg med universell utforming i lysløypetraseen på Åsvang eller rundt Laglim. Ein må undersøke om dette tiltaket kan kombinerast med ei rulleskiløype.

I økonomiplanen er det årleg avsett 130 000 kr til driftstilskot til idrettslaga, inntil 30 000 kr til idrettsstipend for ungdom, 150 000 kr til idrettsanlegg og 35 000 kr til offentleg bading.

## **Funksjon 383: KULTURSKULE**

### **Mål og viktige planar**

- Å gje praktisk og teoretisk opplæring i ulike kulturaktivitetar.

I økonomiplanen er det lagt inn forventna stabil elevsøknad. Eventuelle nye aktivitetstilbod reknar ein med å kunne gjennomføre innafor gjeldande budsjettramme. Foreldrebetalinga blir auka med 5 pst. I budsjettet er det også lønsmidlar til korpsdirigering.

Kommunalt løna kordirigentar står oppført utanom ramma.

## Funksjon 385: ANDRE KULTURAKTIVITETAR

Kulturaktivitetar i kommunal regi, tilskot til frivillige lag, organisasjonar, aktivitetar, markeringar og tiltak (utanom funksjon 231 barn/unge og 377 kunstformidling) og kulturmedarbeidar i 40 pst. stilling.

### Mål og viktige planar

- Stimulere til aktivitet i dei frivillige organisasjonane, og støtte tiltak og arrangement med lokale utøvarar.
- Arbeide for at Vang skal framstå som ein reiselivskommune der bygda si historie, byggjeskikk, kulturlandskap, natur, atmosfære og miljø blir ivareteke på beste måte.

På funksjon 385 (og 360 og 377) kan følgjande tiltak knytast til målsettinga ovanfor:

- Rydding og skilting av gamle ferdsleveggar og andre kulturminne
- Tilskotsordning for ivaretaking av gamle bygningsmiljø
- Tilskotsordning for forskjønning og trivselstiltak
- Tilskot til song- og musikkorganisasjonane i kommunen
- Vang kommune har ansvaret for vedlikehald av kvernhusa ved Leineåne, Vinjebue på Eidsbugarden og stølsmuseet i Liabø. Desse anlegga har stor historisk verdi og er ein viktig ressurs. Hus og landskap må takast godt vare på, og til det trengst årlege midlar til istandsetjing og vedlikehald.
- Stimuleringstiltak for lokal byggjeskikk
- Tilskot til lokale vernetiltak
- Tilskot til kulturarrangement

Dei to siste åra har det vore planar om eit større istandsettingsarbeid for eitt av **kvernhusa ved Leineåne**, men det har vore vanskeleg å få handverkarhjelp. Dette arbeidet reknar vi med å få gjort innafor tildelt budsjetttramme og tiltaket vil få høgste prioritet i 2014.

**Vinjerock** er ført opp med eit årleg tilskot på 300 000 kr. Desse midlane er viktig for å sikre framtida til arrangementet. Det er vedtektsfesta forbod mot utbyte i selskapet.

**Torpe skule:** Krinsen får eit årleg tilskot på 30 000 kr for å dekke delar av utgiftene til drift og vedlikehald.

## Funksjon 386: KULTURBYGG

Drift, vedlikehald og investeringar/påkostnader av kommunale kulturbygg: Samfunnshus og symjehall utanom skuletid, biblioteklokale mv.

Symjehallen og samfunnshusa blir også brukt som undervisningslokale, og er fordelt mellom funksjon 222 og 386. Her er det ”glidande overgangar”.

Drift, vedlikehald og investeringar/påkostnader er kommentert under funksjon 222 skulelokale.

## **SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 12**

### **Tiltak som er med i økonomiplanen – drift**

Driftstilskot til Torpe skule	30 000 kr årleg
Tilskot til Vinjerock	300 000 kr årleg

### **Tiltak som ikkje er med i økonomiplanen – drift**

Stillingsauke i biblioteket med 16 pst. stilling	72 000 kr årleg
Kommunalt løna kordirigentar (fråtrekt brukarbetaling)	95 000 kr årleg

### **Tiltak som er med i økonomiplanen – investering**

Overførte midlar til digital kunnskapsbase	175 000 kr
--	------------

## Funksjonsområde 13: KYRKJE

### Funksjon 390: DEN NORSKE KYRKJA

Overføringar til kyrkjeleg fellestråd og vedlikehald og andre kostnadar knytt til kyrkjene.

### Funksjon 393: KYRKJEGARDAR

Utgifter til investeringar, drift og vedlikehald av kyrkjegardane som blir ført i kommune-rekneskapan. I det følgjande blir funksjon 390 og 393 omtala samla.

Kyrkjeleg fellestråd har arbeidsgjevaransvar for kyrkjeleg personell og ansvar for tilsyn med og vedlikehald av kyrkjene og kyrkjegardane på vegne av sokna.

Kyrkjeleg fellestråd har ti representantar; to frå kvart sokneråd, ein kommunal representant og soknepresten. Dagleg leiar er sekretær.

I Vang er det seks kyrkjer (av desse er to stavkyrkjer) og fire bårhus.

#### Mål og viktige planar

- Oppretthalde nivået på den kyrkjelege aktiviteten
- Bidra til trivsel og tryggleik for kyrkjeleg tilsette
- Sjå til at kyrkjene vert haldne vedlike

Det er lagt inn 2 509 000 kr i årleg tilskot (inkl. 6 000 kr til reinhald i Drengestøga), i tråd med søknad frå Kyrkjeleg fellestråd. For 2014 er det i tillegg lagt inn 65 000 kr til nytt oppheng og nye kolbar for kyrkjeklokkene i Heensåsen kyrkje, og 375 000 kr til ny gravemaskin på kyrkjegardane.

**Reguleringsplan Øyebakkin** har følgjande omtale i Kyrkjeleg fellestråd sin søknad 9.9.2013: *Reguleringsplanen har lenge stått i stampe fordi det har vore usemje om kor servicebygget skal stå. Vernemyndigheitene har sagt tydeleg frå at vi ikkje får bygge på nedsida av E16, og må difor finne andre løysingar. Huset vi hadde på hand er lagt ut for sal, og kommunen har lagt inn eit bod på huset. I skrivande stund har det ikkje vore nokon framgang i saka den siste tida. Kyrkjeleg fellestråd ber om at det vert sett trykk på saka, slik at dette med servicebygget blir avklara. Det er viktig med tett dialog om dette framover.*

*Prioritert rekkefølge:*

1. Vassforsyninga og servicebygg. Høgdebasseng er kostnadsrekna til kr. 4,7 mill. Ei løysing med lokal tank og pumper er kostnadsrekna til 2,8 mill. (2012-kroner). I tillegg kjem kjøp av servicebygget.
2. Opparbeide veg, parkeringsplass og kyrkjegard. Kostnadsrekna til 2,6 mill. (2010-kroner).

I søknaden er planlegging, vassforsyning, servicehus, parkeringsplass og utviding av kyrkjegard ført opp med til saman 7,9 mill. kr.

Prioriteringa i søknaden frå kyrkjeleg fellestråd er ikkje i samsvar med kommunestyret sitt vedtak i sak om rammer for vidare planlegging for Øyebakkin 14.2.2013 (KS-007/13):

*Kommunestyret bed om at kyrkjegardsutviding, ny veg til Øye kyrkje og parkering blir prioritert i vidare arbeid med planlegging av området rundt kyrkjene i Øye no.*

*Kommunestyret ber rådmannen framforhandle forslag til kjøpekontrakt for den aktuelle eigedomen. (Det presiserast at dette ikkje er realitetsvedtak om faktisk kjøp).*

*Kommunestyret ber rådmannen sjå på forslag om flytting av avkøyrsel og parkeringsplass lenger mot aust.*

Vedtaket inneber prioritering av tiltaka for ordinær kyrkjedrift, dvs. kyrkjegardsutviding, ny veg til Øye kyrkje og parkering. Omvising i stavkyrkja er ikkje noko lovpålagt kommunal oppgåve, og servicebygg må i alle fall vurderast opp mot andre investeringsbehov. Rådmannen har bede om ny prisvurdering av bustadhuset for ev. ombygging til servicebygg, utan å ha fått tilbakemelding på dette. Dersom organisert omvising i stavkyrkja skal halde fram må det ordnast med ei mellombels toalettøysing for omvisaren, og dette bør kunne gjennomførast utan særskilt løyving.

Det vil i alle fall vera tenleg med ei samla planlegging for området. Før det blir løyvd midlar til desse prosjekta bør nødvendige avklåringar koma på plass, m.a. om plassering av parkeringsplass, servicebygg og tekniske løysingar for permanent brannsikring, og kva Riksantikvaren kan/vil bidra med. Det er planlagt eit møte med Riksantikvaren i januar 2014.

Det er tidlegare overført 150 000 kr til vidare planlegging, og det står att vel 100 000 kr av denne summen.

Ved behandling av framlegg til årsbudsjett og økonomiplan 7. november 2013 held formannskapet fast ved tidlegare vedtak om å prioritere kyrkjelege behov, dvs. kyrkjegardsutviding, nye veg til Øye kyrkje og parkering. Midlar til servicebygg og brannsikring vil vera avhengig av godkjent reguleringsplan og bidrag frå Riksantikvaren.

**Utbetring av kyrkjegardsmurar rundt Vang kyrkje** er ført opp med 70 000 kr i søknaden. Dette bør kunne gjennomførast innanfor kommunen sitt ordinære vedlikehaldsbudsjett, utan å bli ført opp som særskilt løyving.

## **Funksjon 392: ANDRE RELIGIØSE FØREMÅL**

Tilskot til livssynsorganisasjonar.

I Vang er det ca. 45 personar som er tilslutta andre trdomssamfunn enn Den norske Kyrkja. Kommunen skal gje årleg tilskot til desse trdomssamfunna på same nivå pr. medlem som blir brukt til Den norske Kyrkja.

## **SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 13**

### **Tiltak som er med i økonomiplanen – drift**

Driftstilskot til kyrkjeleg fellesråd	2 509 000 kr årleg
Oppheng for kyrjeklokkene i Heensåsen	65 000 kr i 2014

### **Tiltak som er med i økonomiplanen – investering**

Utsifting minigravar	375 000 kr i 2014
----------------------	-------------------

### **Tiltak som ikkje er med i økonomiplanen – investering**

Øyebakkin:

Servicebygg, parkering, vassforsyning, kyrkjegardsutviding mv. Førebels ukjent sum

## **Funksjonsområde 14: SKATT, STATSTILSKOT OG FINANSIERING**

### **Funksjon 800: SKATT PÅ INNTEKT OG FORMUE**

### **Funksjon 840: RAMMETILSKOT OG ANDRE GENERELLE STATSTILSKOT**

Skatt på inntekt/formue (37,4 mill. kr inkl. 6 mill. kr naturressursskatt) og statlege rammetilskot (62,5 mill. kr) er sett opp i tråd med KS sin prognosemodell. Gjennom inntektsutjamning blir skilnader i skatteinngang i høve til landsgjennomsnittet delvis jamna ut, og desse to postane bør derfor sjåast i samanheng. Eigedomsskatt er ført opp med 6,8 mill. kr; det same som i regulert budsjett 2013.

Vang har eigedomsskatt på verk og bruk. Ved ev. utviding av skattegrunnlaget til å omfatte faste eigedomar i heile kommunen (bustader, hytter og næringseigedom utanom gardsbruk og skogbruk) vil det bli behov for å utarbeide nærare retningslinjer og avgrensingar som grunnlag for å gjennomføre taksering.

Ved behandling av årsbudsjett og økonomiplan 8.11.2012 vart rådmannen beden om å utarbeide ein førebels plan for innføring av eigedomsskatt (FS-053/12), og kommunestyret slutta seg til dette (KS-068/12).

Eit utkast til saksframlegg for utvida utskriving av eigedomsskatt vart sendt kommunestyret til møtet 24.10.2013 og følgde saka om årsbudsjett og økonomiplan.

I vedteke årsbudsjett og økonomiplan er det ikkje føresett utvida utskriving av eigedomsskatt.

### **Funksjon 850: STATSTILSKOT FLYKTNINGAR m v.**

- Generelt integreringstilskot: 1,95 mill. kr årleg.
- Statstilskot til helsetenester knytt til mottaket: 1,17 mill. kr årleg.
- Overføring av integreringstilskot til/frå andre kommunar ved flytting av flyktningar med rett på tilskot.

### **Funksjon 860: MOTPOST AVSKRIVINGAR**

Summen av utgiftsførte avskrivningar under andre funksjonar (artsgruppe 15 finansutgifter) blir inntektsført på denne funksjonen (artsgruppe 19 finansieringstransaksjonar).

### **Funksjon 870: RENTER/UTBYTE OG LÅN**

- Renteutgifter (utanom morarenter)
- Renteinntekter, herunder rente- og avdragskompensasjon
- Bruk av lån
- Avdragsutgifter
- Utlån
- Motteke avdrag på lån – utanom sosiale utlån (funksjon 281), formidlingslån i Husbanken (funksjon 283) og utlån og avdrag til næringsfond (funksjon 325).

Pr. 1.1.2013 hadde Vang kommune 17,6 mill. kr i eksterne lån – fordelt på åtte lån i Husbanken (inkl. formidlingslån), 10 mill. kr i sertifikatlån hjå Nordea til ny sjukeheimsfløy, og 0,7 mill. kr i Vang Sparebank for Filefjell skiheiser. I driftsdelen er det ført opp årlege avdragsutgifter med 500 000 mill. kr, med inndecking av næringsfond til drift.

Renteutgifter er også ført opp med 500 000 kr årleg i 2014 og 2015, og 1,7 mill kr årleg i 2016 og 2017 – etter låneopptak på 42 mill. kr i 2015. Med låneopptak, vekslende nedbetalingar og endringar i rentenivå, blir renteutgiftene ein usikker storleik gjennom økonomiplanperioden.

Renteinntekter er årleg sett til 2,3 mill. kr på bankinnskott og fond, og 700 000 kr for ansvarleg lån til Vang Energiverk.

## **Funksjon 880: INTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR**

- Inndecking av meirforbruk og bruk av mindreforbruk i driftsrekneskapen frå tidlegare år
- Inndecking av udekt og bruk av ubrukt i investeringsrekneskapen frå tidlegare år
- Overføringar frå drifts- til investeringsrekneskapen
- Avsetnader til og bruk av disposisjonsfond og andre ubundne fond.

Avsetnader til og bruk av bundne fond blir i hovudsak ført på aktuell funksjon for fondet; funksjon 325 for næringsfondet.

Som tidlegare nemnt har det vore naudsynt å leggje til grunn å bruke nesten 10 mill. kr av disposisjonsfond for å få driftsbudsjettet til å balansere i 2014 og 2015. Sjølv om fondet kan styrkjast noko ved mindreforbruk i driftsrekneskapen 2013 er det **svært alvorleg at vi må gå ut over det ”ordinære” disposisjonsfondet, ved også å bruke av midlar som tidlegare er sett av til å dekkje framtidige premieavvik.**

Dette viser at vedtekne innsparingstiltak – med nedlegging av Høre skule og reduksjon i talet på sjukeheimsplassar som dei to viktigaste – er avgjerande for kunne behalde den økonomiske balansen frametter – sjølv om desse tiltaka ikkje får full verknad før i 2015–2016.

**Det er også svært alvorleg at vi kan stå overfor ei underdekking etter 2014 dersom vi ikkje får ned kostnadene ytterlegare. Dette understrekar behovet for å arbeide vidare med tiltak for redusert utgiftsnivå (gjerne i kombinasjon med auka inntekter i den grad det er realistisk) gjennom økonomiplanperioden.**